

# Naturtypekartlegging i Sandnes kommune 2012

Torbjørn Høitomt, Tom Hellik Hofton og Ulrika Jansson



BioFokus-rapport 2013-11

**BIO**  
**FOKUS**

## **Ekstrakt**

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra og nykartlagt naturtypar i Sandnes kommune. Totalt 70 lokalitetar vart kartlagt og prioritert i 2012. Desse fordeler seg på 15 lokaliteter med A verdi, 38 med B verdi og 17 med C verdi. Kulturlandskap og skog er dei vanlegaste naturtypane i denne kartlegginga.

## **Nøkkelord**

Rogaland  
Sandnes  
Naturtypekartlegging  
Verdsetting  
Kvalitetssikring

## **Omslag**

### FRAMSIDEBILETE

Øvre (Grå buktkrinslav *Hypotrichyna laevigata* EN) Foto: BioFokus/Tom Hellik Hofton 2012  
Midtre (Viktig bekdedrag ved Høle) Foto: BioFokus/Torbjørn Høitomt 2012  
Nedre (Li med edellauvskog ved Nordland) Foto: BioFokus/Torbjørn Høitomt 2012

LAYOUT (OMSLAG)  
*Blindheim Grafisk*

**ISSN:** 1504-6370

**ISBN:** 978-82-8209-269-2

## **BioFokus-rapport 2013-11**

### **Tittel**

Naturtypekartlegging i Sandnes kommune 2012

### **Forfattarar**

Torbjørn Høitomt, Tom H. Hofton og Ulrika Jansson

### **Dato**

03.05.2013

### **Tal på sider**

47 sider

### **Publiseringstype**

Digitalt dokument (Pdf). Som digitalt dokument innehelder denne rapporten "levende" lenker.

### **Oppdragsgivar**

Fylkesmannen i Rogaland

### **Tilgjengelegheit**

Dokumentet er offentlig tilgjengelig.

Andre BioFokus rapporter kan lastas ned frå:

<http://biolitt.biofokus.no/rapporter/Litteratur.htm>

**BioFokus:** Gaustadalléen 21, 0349 OSLO

Telefon 2295 8598

E-post: [post@biofokus.no](mailto:post@biofokus.no) Web: [www.biofokus.no](http://www.biofokus.no)

## **Forord**

Stiftelsen BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra og nykartlagt naturtypelokalitetar i Sandnes kommune. Audun Steinnes har vore vår kontaktperson hos oppdragsgivar. Torbjørn Høitomt har vore prosjektleiar hos BioFokus. Tom Hellik Hofton og Ulrika Jansson har òg teke del i arbeidet.

Denne rapporten har som mål og kort gjere opp status for naturtypekartlegginga i Sandnes kommune per 2012, skildre kva som er gjort og sjå på status for kartlegginga av dei ulike hovudnaturypane.

Prosjektets viktigaste leveranse er Naturbasefiler som vert publisert på  
<http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>

Oslo/Ås, 9. mars 2013

Forfattarane



**Lokalitet 107, Vassfjellet N. Velutvikla og artsrik regnskog med rikt utval av råmekrevjande mosar. Foto: Torbjørn Høitomt (BioFokus)**

## **Samandrag**

Stiftelsen BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra og kartlagt nye naturtypelokalitetar i Sandnes kommune. Innsatsen har i fyrste rekke vore retta mot å kvalitetssikre eit gammalt naturtypedatasett frå 2001, men det her og vorte brukt ein del tid på ny kartlegging der dette har vore naturleg.

70 lokalitetar vart kartlagt av BioFokus i 2012. Av desse er 15 vurdert som svært viktige (A-verdi), 38 som viktige (B-verdi) og 17 som lokalt viktige (C-verdi). Kulturlandskap er den hovudnaturtypen som dekker det største arealet med om lag 3389 daa (49,5 %). Deretter følgjer skog med 1498 daa (22 %) (**Tabell** ).

**Tabell 1: Arealfordeling av hovudnaturtypar**

<b>Hovudnaturtype</b>	<b>Areal (daa)</b>	<b>%</b>
Ferskvann/våtmark	1077	15,71
Kulturlandskap	3389	49,45
Skog	1498	21,86
Myr og kjelde	701	10,23
Rasmark, berg og kantkratt	58	0,85
Andre	103	1,51
Marint	27	0,39

Etter denne kartlegginga kan store delar av Sandnes seiast og vere godt kartlagt i naturypesammanheng. Dette betyr at eit fleirtal A- og B-lokalitetar er funne og kartlagt, men at lokalitetar med høg verdi framleis ikkje er fanga opp. Dette gjeld særleg lokalitetar i kulturlandskapet.



Lokalitet 111 Seldal Ø. Kalkrike bergveggar med forekomst av mellom anna den sjeldsynte lavarten *Degelia cyanoloma* (VU). Foto: Torbjørn Høitomt (BioFokus)

## Innhald

<b>1 INNLEIING/BAKGRUNN .....</b>	<b>7</b>
<b>2 GJENNOMFØRING .....</b>	<b>7</b>
2.1 PRIORITYTE OMRÅDAR .....	7
2.2 TILRETTELEGGING FOR NATUR2000 .....	7
2.3 TIDLEGARE UNDERSØKINGAR .....	7
2.4 BEHANDLING AV GAMLE NATURTYPEDATA .....	8
2.5 RAUDLISTEARTAR .....	8
<b>3 RESULTAT .....</b>	<b>9</b>
3.1 OVERSIKT OVER KARTLAGDE NATURTYPAR .....	9
3.1.1 <i>Artsmangfald</i> .....	13
3.2 LOKALITETSSKRILDNINGAR .....	14
3.3 REGISTRERINGSSTATUS .....	44
3.3.1 <i>Status for dei ulike hovudnaturtypane</i> .....	45
<b>4 DISKUSJON .....</b>	<b>45</b>
4.1 ANSVARSNATURTYPAR OG -ARTAR I KOMMUNEN .....	45
<b>5 LITTERATUR .....</b>	<b>47</b>



Lokalitet 111, Seldal Ø. Den sjeldsynte kystblæremose (*Frullania jackii*) veks på ei middels stor steinblokk i lokaliteten. Foto: Torbjørn Høitomt (BioFokus)

## 1 Innleiing/bakgrunn

I føreordet til første utgåve av naturtypehandboka (Direktoratet for Naturforvaltning 1999) står følgjande: *"Det er et politisk mål at alle landets kommuner skal gjennomføre kartlegging og verdisetting av viktige områder for biologisk mangfold på sine arealer (St. meld. nr. 58 (1996/97) 1996-97). Den kommunale kartleggingen omfatter naturtyper, vilt, rødlistearter, ferskvannslocaliteter og marint biologisk mangfold."*

Arbeidet som har vorte gjort i samband med kartlegginga i Sandnes kommune er finansiert med middel frå Fylkesmannen i Rogaland. Den økonomiske ramma låg på 485.000 ekskludert moms, og omfatta kvalitetssikring og ny kartlegging av naturtypelokaliteter i kommunane Forsand, Hjelmeland og Sandnes. Det er utarbeida ein rapport for kvar av dei tre kommunane.

Feltarbeidet vart gjort i løpet av feltsesongen 2012 med påfølgjande rapportering hausten 2012 og vinteren 2013. Feltarbeid knytt til dette prosjektet (Sandnes) har vorte utført av Torbjørn Høitomt (prosjektleiar), Tom Hellik Hofton og Ulrika Jansson. Data er systematisert i Natur2000.

Metoden for kartlegging følgjer DN handbok 13, revidert utgåve (Direktoratet for Naturforvaltning 2007). Sjå handboka og da særleg kapitla 1-4 og 6 som gjer rede for kriterium for utval og verdsetting av naturtypar.

I samband med oppdateringa har BioFokus produsert sosifiler for naturtypetemaet. Desse er sendt til Fylkesmannens miljøvernavdeling saman med egenskapsdata. Fylkesmannen vil på dette grunnlag oppdatere Naturbase i samarbeid med DN.

## 2 Gjennomføring

### 2.1 Prioriterte områdar

I samråd med Fylkesmannens miljøvernavdeling vart det bestemt at fokus skulle rettast mot å kvalitetssikre lokalitatar frå eit gammalt naturtypedatasett frå 2001. Kartlegging av nye lokalitatar skulle gjerast der dette var naturleg.

### 2.2 Tilrettelegging for Natur2000

Nykartlagte naturtypelokalitatar har vorte gjeve eit nytt nummer innanfor ein nummerserie som ikkje kjem i konflikt med lokalitetsnummer som tidigare er nytta av fylkesmannen. Ny nummerserie er valt uavhengig om ny naturtypeavgrensing overlappar med tidlegare avgrensa naturtype eller ikkje. Den nye nummerserien er 105-184. Nummerserien er ikkje heilt samanhengande fordi fleire registrantar har arbeida med innlegging av naturtypedata i Natur2000-basen samtidig. Det er difor tildelt rommelege nok nummerseriar til å unngå risikoene for at to eller fleire registrantar ville opprette same lokalitetsnummer på ulike naturtypelokalitatar.

### 2.3 Tidlegare undersøkingar

Det finst eit naturtypedatasett frå 2001, men desse avgrensingane vantar naudsynt informasjon og grunngjeving av verdi. Mange av desse vart derfor kvalitetssikra/omvurderd no i 2012. Det finst òg nokre lokalitatar av nyare dato. Desse omfattar mellom anna noko kystlynghei, bekkekløfter og regnskog og stammar frå temakartlegging og andre mindre prosjekt. Alle lokalitatar som er kartlagt etter 2005 er vurdert og vere godt dokumenterte og vart derfor ikkje vitja på ny i 2012.

## 2.4 Behandling av gamle naturtypedata

I alt 24 gamle naturtypepolygon vart kvalitetssikra i 2012. Av desse vart 29 funne å overlappa med areal som hadde høg nok naturverdi til å verte avgrensa som prioriterte naturtypar. Dei 5 resterande er av ymse årsaker underkjente eller funne overflødige og skal derfor fjernast frå Naturbase utan å verte erstatta av noko anna polygon/naturtypelokalitet. Ei liste med alle lokalitetane som skal slettast er sendt til Fylkesmannen i Rogaland. Dei nemnde 29 lokalitetane er revidert med omsyn til naturtypekategori, tekst, avgrensing og verdivurdering, men eksisterande Naturbase-id (BN-nummer) er ført vidare (jfr. instruks frå DN).

## 2.5 Raudlisteartar

Spesielle artar, inkludert sjeldsynte og raudlista artar, kartlagt gjennom prosjektet vert gjort tilgjengeleg i Artskart (Artsdatabanken & GBIF 2013) via BioFokus sin database for artar (BAB). Raudlistekategoriar i rapporten følgjer "Norsk raudliste for arter 2010" (Kålås et al. 2010).

## 3 Resultat

### 3.1 Oversikt over kartlagde naturtypar


Dette kapitelet har som mål å summere opp resultata frå registreringene. Det ble totalt registrert 70 lokalitetar i dette prosjektet. 15 lokalitetar er gitt verdien svært viktig (A-verdi), 38 lokalitetar er gitt verdien viktig (B-verdi), medan 17 lokalitetar er gitt lokal verdi (C-verdi).

Om ein ser på areal er kulturlandskap den dominerande hovudnaturtypa med ein dekning på drygt 49 %. Deretter følgjer hovudnaturtypane skog med 22 %, og ferskvatn/våtmark med 15,5 %. Om ein ser på fordelinga av tal på lokalitetar, er det mykje likt. Her kjem skog øvst (n=26), med kulturlandskap (n=24) og myr og kjelde (n=9) på dei neste plassane.

**Tabell 2** gir ein oversikt over korleis dei ulike naturtypane fordelar seg på tal på og storlek på lokalitetane. **Figur 1** viser korleis dei kartlagde naturtypane fordeler seg på areal og verdi. I **tabell 3** er alle lokalitetane som vart kartlagt i 2012 lista opp alfabetisk.

**Tabell 2. Oversikt over fordelinga av de ulike naturtypane og korleis desse ordnar seg på areal og verdi. Tabellen tar ikkje omsyn til at mange naturtypelokalitetar faktisk er kartlagt som mosaikkar av fleire prioriterte naturtypar.**

Hovudnaturtype	Naturtype	A	B	C	Totalsum	Areal
Ferskvann/våtmark	Rik kulturlandskapssjø	1			1	532,4
	Viktig bekkedrag		3		3	361,3
	Stor elveøy		1		1	182,8
Kulturlandskap	Hagemark	3	4	1	8	285,5
	Naturbeitemark	2	4	2	8	291
	Parklandskap	2			2	54,2
	Småbiotopar			1	1	2,7
	Slåtte- og beitemyr		2		2	187,9
	Kystlynghei	1	2		3	2567,7
Skog	Gammal barskog		1	1	2	110,7
	Gammal fattig edellauvskog	1	4	1	6	579,3
	Gammal lauvskog		5	2	7	553,7
	Kalkskog	1			1	16,5
	Rik edellauvskog	2	2	2	6	138,5
	Rik sumpskog		2	1	3	41,4
	Brannfelt	1			1	58
Myr og kjelde	Rikmyr		2		2	2,8
	Kystmyr	1	5	1	7	698,5
Rasmark, berg og kantkratt	Sør vendte berg og rasmarker			1	1	19
	Nord vendte kystberg og blokkmark	1			1	39,2
Andre	Annен viktig førekomst			3	3	103,4
Marint	Pollar			1	1	26,5
<b>Totalsum</b>		<b>15</b>	<b>38</b>	<b>17</b>	<b>70</b>	<b>6853</b>



**Figur 1:** Figuren syner korleis dei 46 lokalitetane fordeler seg på verdi og totalt areal (i hektar).



**Lokalitet 120, Sandnes sentr. gravlund S, er lokalitet med førekomst av fleire sjeldsynte lavartar. Foto: Torbjørn Høitomt (BioFokus)**

**Tabell 3: Alfabetisk lokalitetsoversikt over dei 70 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i 2012.**

Lokalitet	Lok nr.	BN nummer	Naturtype	Utforming	Areal Verdi (daa)
Alsnes	119	BN00008260	Gammel fattig edellaув-skog	Eikeskog	B 33,8
Asbjørntjørn N	143		Gammel barskog	Gammel furuskog	B 60,8
Bråsteinvatnet	149		Rik kulturlandskapssjø	Kalkfattigere utforming	A 532,4
Bybinglia NØ	148		Hagemark	Eikehage	A 25
Bærheimsnuten	157	BN00008278	Gammel fattig edellaув-skog	Eikeskog	B 12,9
Bærheimsnuten V	156		Hagemark	Eikehage	B 9,2
Bærheimsnuten Ø	158		Hagemark	Eikehage	A 13,2
Dale S	169	BN00008254	Hagemark	Eikehage	B 64,9
Dalsnuten N	168	BN00008292	Gammel lauvskog	Fuktig kystskog	B 296,1
Dalsnuten SV	167	BN00008255	Gammel fattig edellaув-skog	Eikeskog	A 368,7
Dybinglia	147	BN00008256	Gammel fattig edellaув-skog	Eikeskog	B 50,5
Dyrnesodden	166		Gammel lauvskog	Fuktig kystskog	C 8,5
Figgjo	150		Stor elveør	Elveørkratt	B 182,8
Hammar	145		Brannfelt		B 58
Hammarsdalen 1	141		Kystmyr	Jordvannsmyr	B 55,8
Hammarsdalen 2	142		Kystmyr	Jordvannsmyr	C 37,7
Helhei NV (V for Folkvord)	162	BN00008267	Naturbeitemark		A 124,7
Horve N	184	BN00008289	Hagemark	Eikehage	A 105,8
Høleåna	110	BN00008291	Rik sumpskog	Varmekjær kildelaувskog	B 32,1
Jutland	113	BN00008273	Naturbeitemark	Vekselfuktig, baserik eng	A 22,3
Kjosavikåna	108	BN00008258	Viktig bekdedrag	Bekk i intensivt drevne jordbruks-landskap	B 68,3
Kjørkjeholen	160		Rik edellaувskog	Or-askekog	C 3,5
Kvednahaugen	140		Kystlynghei	Fuktig lynghei	B 182,5
Lauvåsvågen	178	BN00008300	Poller		C 26,5
Lea	114	BN00008274	Småbiotoper		C 2,7
Leitemyta, Rogaland radio	115	BN00008264	Kystmyr	Blanding mellom nedbørsmyr og jordvannsmyr	B 165,2
Li eikehage	174		Hagemark	Eikehage	B 7,6
Li skog	173	BN00008252	Rik edellaувskog	Lågurt-eikeskog	A 22,6
Liaåna	175		Rik edellaувskog		C 12,7
Lifjellet NV	171		Gammel lauvskog	Fuktig kystskog	B 45,1
Lifjellet NØ	172		Gammel lauvskog	Fuktig kystskog	B 19,5
Malmeim NØ	164	BN00008270	Naturbeitemark		B 16,9
Måkatjørna	182		Kystmyr		B 63,8
Måkatjørna S	180	BN00008249	Rikmyr	Åpen intermediær og rikmyr i lav-landet	B 2
Måkatjørna SV	181	BN00008250	Rikmyr	Åpen intermediær og rikmyr i lav-landet	B 0,8
Nordland	105		Viktig bekdedrag		B 13,5
Nordland Ø	106	BN00008261	Rik edellaувskog	Alm-lindeskog	A 32
Osaland-Småiset N	109		Hagemark	Eikehage	B 17,5

-Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Riska bekkeldal	176	Rik edellauvskog	Lågurt-eikeskog	B	18,4	
Rogaland radio S	118	BN00008263	Naturbeitemark	(D04) Fuktig fattigeng	B	13,1
Sandnes sentr. gravlund N	121		Parklandskap	Kirkegårder	A	26,5
Sandnes sentr. gravlund S.	120		Parklandskap	Kirkegårder	A	27,7
Sandvika V for Li	170		Naturbeitemark		B	48,3
Seldal Ø	111		Kalkskog	Kalkbjørkeskog	A	16,5
Skeiberget	138		Sørvendte berg og rasmarker	Stabil utforming på moserik, grovsteinet blokkmark	C	19
Skjelbreitjørna S	130		Rik sumpskog	Viersump i lavlandet	B	7,5
Skjelbreitjørna SØ	135		Slåtte- og beitemyr		B	118,8
Skjæveland	117	BN00008280	Kystmyr	Atlantisk høgmyr	B	93,7
Skjæveland V	116		Naturbeitemark	(D04) Fuktig fattigeng	C	18,3
Soma NV	112	BN00008276	Gammel lauvskog	Gammel bjørkesuksesjon	C	58,8
Soma NØ 1	154	BN00008275	Annen viktig forekomst		C	67,6
Soma NØ 2	155		Annen viktig forekomst		C	16,8
Soma SØ	153	BN00008279	Naturbeitemark	(D04) Våtfuktig, middels næringsrik eng	B	28,9
Steinane	146		Rik sumpskog	Varmekjær kildelauvskog	C	1,8
Stemmen Ø	177		Gammel fattig edellauvskog	Eikeskog	B	11
Stokkaheia	159	BN00008283	Annen viktig forekomst		C	19
Stoklongstjørna N	179		Gammel fattig edellauvskog	Eikeskog	C	102,4
Storauglend S	183		Rik edellauvskog		B	49,3
Svia	136		Viktig bekdedrag	Bekk i intensivt drevne jordbrukslandskap	B	279,5
Søredalen	139		Kystlynghei	Fuktig lynghei	B	221,1
Todnem	151	BN00008265	Slåtte- og beitemyr		B	69,1
Tveit	137		Kystmyr	Jordvannsmyr	B	119,8
Ur-Eikjeland	133		Hagemark	Bjørkehage	C	42,3
Vassfjellet N	107		Gammel lauvskog	Fuktig kystskeg	B	25,1
Vassfjellet NV	165		Gammel lauvskog	Fuktig kystskeg	B	100,6
Voremyra	132	BN00008293	Kystmyr	Jordvannsmyr	A	162,5
Voren-Dyranuten	131	BN00008287	Kystlynghei	Fuktig lynghei	A	2164,1
Vølstadskogen	152		Gammel barskog	Gammel furuskog	C	49,9
Ørnahammaren	144		Nordvendte kystsberg og blokkmark	Sørlig, oseanisk moseutforming	A	39,2
Årvoll SØ	163	BN00008266	Naturbeitemark		C	18,5

### 3.1.1 Arsmangfald

Det er registrert raudlisteartar i ei rekke av dei kartlagde naturtypeavgrensingane. Dei fleste raudlistefunna er råmekrevjande kryptogamar som vart funne i fuktige skogar eller i kulturlandskapet. 33 raudlisteartar har vorte funne i dei 70 lokalitetane. (sjå tabell 4) Sjå Artkart og dei einskilde områdeskildringane for detaljert informasjon om raudlisteartane.

**Tabell 4: Raudlisteartar som er funne innanfor ein eller fleire av de 70 lokalitetane som vart kartlagt i 2012. (Nokre få eldre funn er henta frå Artkart)**

Gruppe	Vitskapleg navn	Norsk navn	RL kategori	Tal på funn
Amfibier og reptiler	<i>Triturus vulgaris</i>	liten salamander	NT	1
Karplanter	<i>Rosa pimpinellifolia</i>	trollnype	EN	1
	<i>Ulmus glabra</i>	alm	NT	1
	<i>Fraxinus excelsior</i>	ask	NT	6
	<i>Rubus vestitus</i>	fløyelsbjørnebær	VU	2
	<i>Najas flexilis</i>	mykt havfruegras	EN	1
	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	2
Lav	<i>Leptogium burgessii</i>	kranshinnelav	VU	1
	<i>Degelia cyanoloma</i>		VU	1
	<i>Punctelia jeckeri</i>	randpunktlav	CR	2
	<i>Punctelia subrudecta</i>	grå punktlav	EN	4
	<i>Parmotrema chinense</i>	liten praktkrinslav	VU	14
	<i>Bunodophoron melanocarpum</i>	kystkorallav	NT	4
	<i>Usnea cornuta</i>	hornstry	NT	2
	<i>Thelotrema suecicum</i>	hasselrurlav	NT	1
	<i>Pyrenula occidentalis</i>	gul pærelav	NT	1
	<i>Usnea flammea</i>	ringstry	NT	5
	<i>Flavoparmelia caperata</i>	eikelav	NT	5
	<i>Pachyphiale carneola</i>		VU	5
	<i>Parmotrema crinitum</i>	hårkrinslav	EN	1
	<i>Hypotrichyna laevigata</i>	grå buktkrinslav	EN	1
	<i>Usnea fragilescens</i>	kyststry	VU	2
	<i>Menegazzia subsimilis</i>	kystsoddelav	EN	1
Insekter	<i>Nomada striata</i>	kløvervepsebie	NT	1
Fugl	<i>Carduelis cannabina</i>	tornirisk	NT	1
	<i>Numenius arquata</i>	storspove	NT	1
Alger	<i>Nitella flexilis</i>	glansglattkrans	NT	1
	<i>Nitella confervacea</i>	dvergglattkrans	EN	1
Mosar	<i>Fissidens gracilifolius</i>	pyslommemose	VU	1
	<i>Pohlia flexuosa</i>	vorteknoppnikke	DD	1
	<i>Anomobryum concinnatum</i>	spiss-stråmose	DD	1
	<i>Campylopus pyriformis</i>	torvsåtemose	VU	1
	<i>Rhabdoweisia crenulata</i>	butturnemose	VU	1
<b>Totalt</b>	<b>33 artar</b>			<b>74</b>

## 3.2 Lokalitetsskrildringar

### 105, Nordland, Viktig bekdedrag - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 01.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Nordland sør i Sandnes kommune og omfattar eit bekdedrag med tilhøyrande kantsoner frå garden og ned til fylkesvegen nede ved Seldalsvatnet. Nokre nærliggande striper med kalkspatmarmor påverkar basestatusen i og langsmed bekken. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk seksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan dette området truleg plasserast i sør- til mellomboral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen viktig bekdedrag. Verdiene på lokaliteten er knytta til relativt rik vegetasjonen og kantsoner som vert prega av rikare skogtyper. Hassel, ask og svartor finst vanleg. Rogn, selje, platanlønn, asal sp. og eple finst og innimellom, dei to siste særleg ved ein gammal frukthage i avgrensingas nedre delar. Noko daud ved finst innimellom, men dette er stort sett nydanna læger med liten diameter. I buskjiktet finst noko rips. Feltvegetasjonen er middels rik med artar som stankstorkenebb, gauksyre, sauetelg, bringebær, kranskonvall og hengjeweng. I botnsjiktet finst artar som bekkerundmose (*Rhizomnium punctatum*), storkransmose (*Rhytidadelphus triquetrus*), stortujamose (*Thuidium tamariscum*), musehalemose (*Isothecium myosuroides*), stivlommemose (*Fissidens osmundoides*), krusfagermose (*Plagiognium undulatum*) og, kystkransmose (*Rhytidadelphus loreus*). I bekken veks mykje bekkeblomstermose (*Schistidium rivulare*) og klobekkemose (*Hygrohypnum ochraceum*).

Artsmangfold: Det blei ikkje påvist sjeldsynte eller trua artar innanfor lokaliteten. Dei vanlege artane snutegullhette og bleikbustehette blei påvist på hhv. asal og eple i kanten av den gamle frukthagen.

Bruk, tilstand og påvirkning: På deler av bekkestrekninga strekkjer beitemarka seg heilt ned til bekken. Ein traktorvei kryssar elva på ei bru om lag midt i lokaliteten. Videre er deler av lokaliteten påverka av gjødselsig frå overliggende fullgjødsla beitemark. I øvre deler grenser lokaliteteten mot noko som minner om ei industrietomt.

Fremmede arter: Framande treslag (platanlønn, eple og asal sp.) finst spreidd, men mest i nedre delar.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i ein mosaikk med naturtypelokaltetar i området Nordland- Seldal. Berggrunnen i dette området er rik, noko som gjer grunnlag for fleire artsrike miljø som i det øvrige er sjeldsynte i kommunen.

Vegetasjon: Småbregneskog (A5)

Kulturbetinget engvegetasjon (G)

Edelløvskogvegetasjon (D)

Verdivurdering: Intakt bekdedrag med eit litt rikare preg i eit område som for øvrig er prega av fattig berggrunn. Varierande kantsoner med førekost av rik edellauvskog. Lokaliteten er difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør beites, men ellers få utvikle seg fritt. Det bør setjast i verk tiltak som hindrar avrenning av gjødsel ned i bekkedalen.

---

### 106, Nordland Ø, Rik edellauvskog (Alm-lindeskog) - Verdi A.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 01.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammel polygon BN00008261, Askenuten. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett aust for garden Nordland sør i Sandnes kommune og omfattar deler av lia sør for Nuten. Avgrensinga vert prega av skogkledde parti i mosaikk med mier opne rasmarker. Innimellom finst og fleire bergveggar. Berggrunnen er rik beståande av kalkspatmarmor. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk seksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan dette området truleg plasserast i sør- til mellomboral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensingen gjeld naturtypen rik edellauvskog med ein noko upresis plassering i utforminga alm-lindeskog. Langs kantane av avgrensinga finst overgangar mot opne rasmarker. Store delar av lokaliteten er prega av frisk, sigevasspåverka edellauvskog med alm, ask, hassel, samt dei boreale treslagene selje, bjørk og rogn. Skogen er halvgamal men er truleg for det meste fyrstegenerasjons skog på tidligare open beitemark. Nokre skogarealer innimellom, og særskild i øvre deler har eit noko eldre preg. Her finst litt daud ved, men for det meste av små dimensjonar og i tidlige nedbryningsstadium. Fleire av hasselkratta oppunder bergea er ganske gamle og innehevd ein del grove stammer og noko daud ved. Det finst ein del kalkrike bergveggar, både eksponerte og meir skyggefulle. Einskilde bergveggar er overrisla av kalkrikt sigevatn. Vegetasjonen er prega av kalkrevjande artar. Myske, krathumleblom, markjordbær, raud jonsokblom, kranskonvall, hundekveke, mjødurt, skogsvingel, fingerstorr, bergmynte breidflangre og bergperikum er alle påvist i området. På kalkrike berg finst artar som murburkne, raudsildre, lodnebregne og svartburkne.

Artsmangfold: Forutan funn av ei rekke regionalt sjeldsynte, kalkrevjande karplanteartar (sjå over), blei det også påvist fleire sjeldsynte og uvanlege kryptogamar. Kranshinnelav (*Leptogium burgessii*) (VU) er tidlegare påvist på berg fleire stader i lokaliteten. Av andre interessante lav kan *Gyalecta jenensis*, vanlig blåfiltlav (*Degelia plumbea*), buktporelav (*Sticta sylvatica*), blyhinnelav (*Leptogium cyanescens*) og grynfiltlav (*Pannaria conoplea*) nemnast. Ei rekke uvanlege og regionalt sjeldsynte moseartar blei også påvist. Den sjeldnaste er nok pyslommemose (*Fissidens gracilifolius*) (VU) som blei funnen som ny for Rogaland. Av andre uvanlege artar kan bogeblygmose (*Seligeria donniana*), kystblæremose (*Frullania jackii*), kalktuffmose (*Palustriella commutata*), galleteppemose (*Porella arboris-vitae*), kystmose (*Loeskebryum brevirostre*) og sigdhaustmose (*Orthothecium inclinatum*) nemnast.

---

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten grenser mot beitemark i SV, og tidlegare har truleg øg deler av lokaliteten vore open og halvopen beitemark. Dette er ganske tydeleg gjennom gamle gjærder, og gjennomgående ganske låge alderen på skogen.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i ein mosaikk med naturtypekompleksettar i området Nordland- Seldal. Berggrunnen i dette området er rik, noko som gir grunnlag for fleire artsrike miljø som i det øvrige er sjeldsynte i kommunen.

Vegetasjon: Alm-lindeskog (D4)

Bergsprekk og bergvegg / Bergvegg og bergsprekk (Rødlistebetegnelse) (F2)

Verdivurdering: Relativt, stor, baserik skogskompleks med funn av fleire både trua og regionalt svært sjeldsynte artar innan fleire grupper. Lokaliteten utviser eit stort arts mangfald som det er vanskeleg å finne tilsvarende i denne delen av Rogaland. Avgrensinga er difor vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten bevarast best gjennom fri utvikling.

---

### **107, Vassfjellet N, Gammel lauvskog (Fuktig kystsentrisk) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 01.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnslag: Lokaliteten ligg nord for Vassfjellet ved garden Seldal sør i Sandnes kommune og omfattar ein nordvendt skrent og øvre delar av ei lauvskogsli i underkant. Berggrunnen er fattig, men lokalklimaet er særskilt fuktig. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk seksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan dette området truleg plasserast i sør- til mellomboreal sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammel lauvskog med utforminga fuktig kystsentrisk. Lia er dominert av eldre bjørkeskog med innslag av rogn og noko selje på frisk blåbærmark med overgang mot småbregnetyper. Det finst noko daud ved av bjørk, og både nye og noko nedbrotna løyer finst. Øvre deler av lokaliteten utgjørast av ein sparsamt tresett skrent.

Arts mangfold: Det er påvist ei rekke oseanske artar i lokaliteten. Hinnebregne blei påvist fleire stader. Vidare er det oseanske mosselementet godt utvikla med artar som gullhårmose (Brautelia chrysocoma), purpurmose (Pleurozia purpurea), fleinljåmose (Dicranodontium denudatum), taglmose (Sphenolobopsis pearsonii), praktvebladmose (Scapania ornithopodioides), hettekimmose (Tetradontium brownianum), kaursvamose (Oxystegus tenuirostris), vengemose (Douinia ovata), kysttvebladmose (Scapania gracilis), heimose (Anastrepta orcadensis), drønnigmose (Hookeria lucens) og grannkrekmose (Lepidozia pearsonii). I tillegg blei den sjeldsynte arten vorteknoppnikke (Pohlia flexuosa) (DD) påvist. Denne arten har berre ein handfull funn frå Noreg tidligare. Det er eit stort potensial for andre sjeldsynte og trua råmekrevjande mosar. Det blei ikkje påvist sjeldsynte og trua oseanske lav.

Bruk, tilstand og påvirkning: Utover at skogen truleg er plukkhogd i tidligare tider blei det ikkje påvist teikn på menneskeleg påverknad.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i ein mosaikk med naturtypekompleksettar i området Nordland- Seldal. Område med rik berggrunn og med høg og jamm råme skaper mange artsrike biotoper.

Vegetasjon: Hinnebregne-utforming (Rødlistebetegnelse) (F2d)

Blåbærskog (A4)

Verdivurdering: Eldre bjørkeskog med overgang til bergskrentparti i øvre del. Lokaliteten er svært fuktig og huser eit rikt utval råmekrevjande mosar, som til dømes den sjeldsynte vorteknoppnikke. Det blei likevel ikkje funne andre raudlista råmekrevjande artar og avgrensinga er difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten bevaras best under fri utvikling.

---

### **108, Kjosavikåna, Viktig bekkedrag (Bekk i intensivt drevne jordbrukslandskap) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 02.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon BN00008258, Kjosavikåna. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnslag: Lokaliteten ligg mellom Osaland og Kjosavik i Sandnes og omfattar nedre deler av to mindre elver som møtes og munnar ut i sjøen nedanfor Kjosavik. Avgrensinga er strokke opp til der begge elvene kryssar under hovudvegen mellom Sandnes og Høle. Den nedste delen av elva er ikkje inkludert grunna sterkt menneskeleg påverknad. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk seksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen viktig bekdedrag med utforminga bekk i intensivt drivne jordbrukslandskap. Øvst i elva som kjem fra aust finst fleire mindre fossar. Elles strumar elva for det meste raskt nedover utan at høgdeforskjellen er særleg stor. Det finst velutvikla kantsoner langsmed store deler av elvestrekninga, og der kantsona ikkje er skogkledd, finst halvope beitemark eller anna kulturlandskap. Berggrunnen er fattig og kantonene domineras av nøyssame treslag som svartor, osp, bjørk, rogn og eik. Nokre av eiketreia som står i kanten av kulturladkapsarealet er ganske grove med diameter opp mot 100 cm, men dei fleste av desse er inkludert i ei eiga avgrensing. Vegetasjonen er for ein stor del blåbærdominert med innslag av mykje blåtopp i øvre delar av avgrensinga. I nedre deler blir vegetasjonen noko meir næringskrevjande, men framleis finst berre nøyssame artar sjølv om det veks ein del hassel langsmed elva nedanfor samlopet. Nokre småflekkar i nedre delar er noko kjedepåverka og her finst artar som bekkekarse, skogsnelle, engsnelle, gauksyre, mjødurt, bekkerundmose, stortujamose, sumpbroddmose og skyggehusmose. Slakkstorr vart funnen sparsamt.

Arts mangfold: Det blei ikkje registrert sjeldsynte eller trua artar innanfor avgrensinga, men det blei notert ei rekke mer eller mindre vanlege mosar knytta til vatn og fuktige miljø. Blant desse er fjordtvebladmose (Scapania nemorea), bekkelundmose (Sciuro-hypnum plumosum),

kysttornemose (*Mnium hornum*), musehalemose (*Isothecium myosuroides*), klobekkemose (*Hygrohypnum ochraceum*), buttgråmose (*Racomitrium aciculare*) og kjølélvemose (*Fontinalis antipyretica*).

Bruk, tilstand og påvirkning: Kantonene til elvene er for det meste gammal kulturmark, delvis i gjengroing. Langsmed det austlege elveløpet ovanfor samløpet, har miljøet eit noko meir naturleg preg. Deler av denne strekninga har òg vore beita, særleg på nordsida av elva, medan sørssida er skogsmark. Langsmed elva her finst òg restar av det som truleg er eit gammalt kvernhus.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Varmekjær kildelovskog (E5)

Kulturbetinget engvegetasjon (G)

Verdivurdering: Lokaliteten er intakt med godt utvikla kantsoner og få tekniske inngrep. Lokaliteten utgjer eit viktig naturområde i eit sterkt påverka landskap. Avgrensinga er difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bevarast best under fri utvikling.

#### **109, Osaland-Småiset N, Hagemark (Eikehage) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 02.10.2012 i samband med naturypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Avgrensinga ligg rett nord for Småiset ved Osaland, inne i ein trekant som avgrensast av hovudvegen mellom Sandnes og Høle i sør og to elveløp som møtes i vest, aust og nord. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk seksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen hagemark med utforminga eikehage og omfattar ein attgroande eikehage med minst 25 eiker med diameter mellom 50-100 cm. Dei store trea står delvis i kanten av det opne arealet og delvis som meir eller mindre frittstående tre. Alle tre har relativt slett bark og holrom blei ikkje registrert. Det finst nokre daude greiner og kvister. Det er i ferd med å gro igjen med ung skog av bjørk, rogn og hassel rundt fleire av trea, særleg dei som har stått relativt ope. Langsmed kantane av lokaliteten har vegetasjonen meir skogpreg og mindre krattskog. Vegetasjonen er fattig og dominert av nøyssame artar.

Artsmangfold: Det blei ikkje registrert sjeldsynta eller trua artar, arts mangfaldet blei ikkje særleg godt undersøkt og det er eit visst potensial for trua artar i fleire grupper. Det råmekrevjande, oseanske lavellementet er heilt fraværende og det blei heller ikkje påvist råmekrevjande epifytiske mosar. Vanlegare artar som kystbustehette (*Orthotrichum lyellii*), ekornmose (*Leucodon sciuroides*) og kystbustehette (*Orthotrichum striatum*) finst vanleg.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten har tidlegare vore meir eller mindre heilt open, men er nå i ferd med å gro igjen med krattskog av bjørk, rogn og hassel. Denne gjengroinga vil redusere funksjonen dei store trea har for fleire lyskrevjande artar.

Vegetasjon: Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

Blåbærskog (A4)

Verdivurdering: Lokaliteten inneheld ei rekke gamle eiketre som er noko trua av gjengroing. Restaureringspotensialet er godt og sjølv om det ikkje er påvist sjeldsynta og truga artar, er det ikkje umogleg at slike finst. Avgrensinga er difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: All krattskog i det tidlegare opne området bør fjernast. Lokaliteten kan med fordel brukast til beite eller slått.

#### **110, Høleåna, Rik sumpskog (Varmekjær kildelauvskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 02.10.2012 i samband med naturypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon: BN00008291, Høleåna. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langsmed og vest for Høleåna rett sør for Høle i Sandnes. Store deler av lokaliteten er kjeldepåverka og rik vegetasjon dominerer. Ein stor bekk som renn i botn av dalen er teke inn i avgrensinga. Ein litt større foss inngår heilt sør i avgrensinga. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk seksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rikare sump- og kjedeskog med utforminga varmekjær kjeldelauvskog i mosaikk med noko svartordominert flaummarksskog. Svartor- og askedominert konkav liside med til dels sterkt kjeldepreg. Skogen er ikkje veldig gammal, truleg fyrstegenerasjons skog på det som tidlegare har vore open beitemark, men som nå er gjeve opp fordi det er for blautt. Dei største aske- og svartortrea oppnår ein diameter på 50 cm. Innimellom finst noko platanlønn, hegg og hassel, men dette er mest for eit busksjikt å rekne. Langsmed bekken finst mykje svartor, til dels med sokkeldanning. Noko areal med flaummarksskog finst langsmed bekken. Vegetasjonen er tydeleg kjeldepåverka og ganske rik med artar som bekkekarse, stornesle, mjødurt, geittelg, krathumleblom og gauksyre. I botnsjiktet dominerer storkransmose (*Rhytidiodelphus triquetrus*), kysttornemose (*Mnium hornum*) og kystmose (*Loeskebruum brevirostre*).

Artsmangfold: Det er ikkje påvist sjeldsynta eller trua artar innanfor avgrensinga. Det er eit visst potensial for sjeldsynta og trua arter i samband med bekken som renn gjennom lokaliteten.

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Bruk, tilstand og påvirkning: Heile lokaliteten er sterkt påverka av menneskelege inngrep. Heile den kjeldepåverkade lia er litt til sterkt påverka av gjødselsig og kloakksig (?). Vidare er det meste av arealet mellom bekken og hovuedvegen dominert av gamle fyllingar. Det same er begge sidene av bekken heilt nord i avgrensinga. I tillegg finst ein del søppel i heile lokaliteten. I elva finst restar etter eit gammalt kraftverk eller liknande.

Fremmede arter: Noko platanlønn inngår i lokaliteten.

Vegetasjon: Varmekjær kildeløvskog (E5)

Svartor-utf (C3c)

Verdivurdering: Lokaliteten er dominert av ein ganske så velutvikla, men relativt ung varmekjær kjeldelauvskog. Store deler av lokaliteten er i tillegg forureina både av kloakk (?), gjødsel og søppel. Avgrensinga blir difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det bør ryddast opp i søppel og gjødsel- og kloakksig bør stoppast. Ut over dette bør lokaliteten få utvikle seg så fritt som mogleg slik at verdiane kan bevarast eller aukast.

### **111, Seldal A, Kalkskog (Kalkbjørkeskog) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 02.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett aust for garden Seldal i Sandnes og omfattar ei bratt vestvendt lisiide med ein del bergveggar. Berggrunnen er rik beståande av kalkspatmarmor. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk seksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan dette området truleg plasserast i sør- til mellomboral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen kalkskog og kan truleg føres til utforminga kalkbjørkeskog. Lokaliteten domineras av ung, truleg for det meste fystegenerasjons skog av bjørk, osp, hassel og nokre tre av ask og eik. Vegetasjonen er rik med artar som hengeaks, hundekveke, fingerstorr, lundrapp, vendelrot, fjellmarikåpe, skogsvinerot, taggbregne, markjordbær, guisildre, blåtopp, skogstorkenebb, gullris, blåknapp og ormetopp. På kalkrike berg finst artar som svartburkne og grønburkne vanleg. Den særer råmekrevjande hinnebregna blei og påvist i ei nordvendt slukt. Fleire av dei nemde karplanteartane er regionalt uvanlege. Mosefloraen er usedvanleg rik for regionen og omfattar mange artar med særslig funn i Sandnes omliggjande kommunar. Putevrimose (*Tortella tortuosa*), storklokkemoose (*Encalypta streptocarpa*), bleikkrylmoose (*Plagiomnium zierii*), puteplanmose (*Distichium capillaceum*), skøytmose (*Preissia quadrata*), skortejuvmose (*Anoectangium aestivum*), kalktuffmose (*Palustriella commutata*) og kammose (*Ctenidium molluscum*) er alle kalkarter som finst vanleg i lokaliteten.

Artsmangfold: Det blei registrert ei lang rekke regionalt uvanlege, hovudsakleg basekrevjande karplanter og mosar. Mellom anna blei den dårleg kjende arten spiss-stråmose (*Anomobryum concinnatum*) (DD) påvist. Kystsalmose (*Harpantus scutatus*) og kysttblæremose (*Frullania jackii*) bør også nemnast. Av lav blei den sårbarer arten *Degelia cyanoloma* (VU) påvist nord i lokaliteten. Det er eit ytterlegare potensial for sjeldsynte og trua mosar og lav.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten domineras av relativt ung skog og er truleg for ein stor del fystegenerasjons skog der det tidlegare har vore meir open beitemark. Nedre delar av lokaliteten inngår framleis i eit større beiteområde, men blir berre i mindre grad brukt av dyra. Det var hestar og sauar som beita i området under kartlegging. Nord i lokaliteten finst eit gammalt steinbrot som er i ferd med å vekse igjen.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i ein mosaikk med naturtypekompleksettar i området Nordland- Seldal. Området med rik berggrunn og med høg og jamn råme skaper mange artsrike biotoper.

Vegetasjon: Bjørk-utf / Kalkbjørkeskog (Rødlistebetegnelse) (B2c)

Baserik utf (F2c)

Verdivurdering: Lokaliteten er særslig artsrik og inneholder ei lang rekke regionalt og til dels nasjonalt sjeldsynte og uvanlege artar. I parti finst godt utvikla kalkskog. Avgrensinga er difor vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten kan beites med svakt beitetrykk som i dag. Noko uttak av brensel vil ikkje skade kvalitetane. Ikke utfør hogst inntil bergveggane, og spar gamle og grove tre, særleg edellauvtre.

### **112, Soma NV, Gammel lauvskog (Gammel bjørkesuksjon) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon BN00008276, Soma NV. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Soma rett vest for Sandnes sentrum og omfattar det som truleg er eit gammalt myrområde som nå er grøfta, noko som har ført til ei sterkt senking av vannivået. Lokaliteten er meir eller mindre heilt flat. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Nokre mindre felt med amfiboliitt og kalkspatmarmor førekjem spreidd. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal lauvskog med utforminga gammal bjørkesuksjon. Skogen er bjørkedominert, men ikkje veldig gammal. Området er imidlertid eit av få litt større restområde med skog i denne delen av Sandnes og på Låg-Jæren generelt. Lokaliteten har difor ein funksjon for ei lang rekke artar. Vegetasjonen er fattig med artar som til dømes torvull, klokkelyng, kreling, tyttebær, pors, blokkebær, røsslyng, tepperot og blåtopp. Botnsjiktet er dominert av furumose (*Pleurozium schreberi*), heiflette (*Hypnum jutlandicum*), ribbesigd (*Dicranum scoparium*), og nokre torvmoseartar (*Sphagnum spp.*).

Artsmangfold: Dei to lavartane orelav (*Hypotrachyna revoluta*) og *Fuscidia lightfootii* blei registrert på bjørk i lokaliteten

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er sterkt påverka av senka vannivå og delvis av grøfting. Det som tidlegare har vore ei myr eller ein sump er i dag ein relativt torr skog.

Vegetasjon: Røsslyng-blokkebærfuruskog (A3)

Verdivurdering: Lokaliteten er teke med fordi den i kraft av å vere eit restareal i eit ellers sterkt påverka landskap spel ei viktig rolle for mange arter. Slike skogkledde restareal er fåtallige på Låg-Jæren og lokaliteten er difor vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

---

### **113, Jutland, Naturbeitemark (Vekselfuktig, baserik eng) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon BN00008273, Jutland. Audun Steinnes har tidlegare vore på lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Jutland heilt vest i Sandnes kommune og omfattar eit areal med naturbeitemark som heller svakt mot nordvest. Det finst ein del stein i naturbeitemarka som for det meste er ganske ujamn og tuva. Det er noko torvdanning og deler av lokaliteten har mykje til felles med ei grunn myr. Berggrunnen består av diorittisk til granittiskgneis. Nokre mindre felt med amfiboliitt og kalkspatmarmor førekjem spreidd. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssoná.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med utformingane vekselfuktig baserik eng og fuktig fattigeng. Velhevd naturbeitemark med mykje stein. Vegetasjonen er for det meste lite gjødselprega og mangfaldet av artar er stort. Vanlege karplanteartar er røsslyng, tepperot, blodtopp, blokkebær, blåtopp, myrtistel, klokkeling, ryllsv, lyssiv, smalkjempe, hjertegras, finnskjegg, mannasøtgras, pors og lusegras. Gulslidre, breiull, smásivaks, engstarr, blåstorr og bjørnbredd er tidlegare registrert på lokaliteten. Vegetasjonstypa vekselfuktig baserik eng er vurdert som sterkt trua i rödlista for vegetasjonstyper fra 2001 (Fremstad og Moen 2001). Mosefloraen er også ganske artsrik med gullhårmose (Brautelia chrysocoma), heiflette (Hypnum jutlandicum), blåmose (Leucobryum glaucum), engkransmose (Rhytidadelphus squarrosus), storkransmose (R. triquetrus), kammose (Ctenidium molluscum) og kystbinnmose (Polytricastrum formosum). Det renner ein liten bekk gjennom lokaliteten. Langsmed denne veks noko svakt utvikla kjeldevegetasjon.

Artsmangfold: Artsmangfaldet er typisk for velutvikla eksempel av utforminga fuktig fattigeng, men ingen sjeldsynte og trua artar blei registrert. Det er likevel eit visst potensial for trua artar i fleire grupper. Det blei sett mykje vadefuglar på lokaliteten, mest enkeltbekkas.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten var godt nedbeita på tidspunktet for kartlegging. Det var noko slitasje i form av bar jord og leire, særleg i dei blaua partia. Det er noko gjødselsig frå fulldyrka mark i overkant.

Vegetasjon: Vekselfuktig, baserik eng / Blåstarr-engstarreng (vekselfuktig rikeng) (Rødlistebetegnelse) (G11)

Fuktig fattigeng (G1)

Verdivurdering: Intakt og artsrik noko baserik naturbeitemark med lite gjødselpreg. Slike miljø har vorte sjeldsynte i lågtliggjande delar av Jæren etter som fulldyrkinga har skridt fram. Den rike vegetasjonstypa som førekjem på delar av arealet er vurdert som sterkt trua. Lokaliteten er difor eit verdifullt restareal som er vurdert som svært viktig/viktig (A/B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør hevdast som i dag, men pass på at beitetrykket ikkje blir for sterkt, noko som vil føre til meir erosjon. Unngå å tilføre kunstig gjødsel.

---

### **114, Lea, Småbiotoper - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon BN00008274, Lea. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lite vierdomiert restareal med dyrka mark på alle kantar aust for garden Lea i Sandnes. Berggrunnen består av diorittisk til granittiskgneis. Nokre mindre felt med amfiboliitt og kalkspatmarmor førekjem spreidd. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssoná.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen småbiotopar. Lokaliteten er truleg ein attgrodd dam og er i dag heilt dominert av 2-4 meter høg øyrevier. Feltsjiktet er dominert av nitrofile artar som strandrør, bringebær, mjødurt og geitram.

Artsmangfold: Lokaliteten spel i dag først og fremst ein viktig rolle for spurvefugl, i og med at slike restareal er sjeldsynte på Låg-Jæren. Sivsanger, sivspurv og tornirisk (NT) er tidlegare påvist hekkande på lokaliteten som òg er oppgitt å vere viktig under trekket vår og haust.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er sterkt påverka av gjødsel og er i tillegg utgrøfta på minst to kantar.

Vegetasjon: Lavland-viersump (E2)

Verdivurdering: Liten lokalitet med viktig funksjon som hekke- og rasteområde for fugl. Lokaliteten er i naturtypesamanhang vurdert som lokalt viktig (C-verdi). Ei høgare vektig av viltverdar til dømes i ei viltkartlegging vil kunne gje høgare verdi.

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

---

### **115, Leitemyta, Rogaland radio, Kystmyr (Blanding mellom nedbørsmyr og jordvannsmyr) - Verdi B.**

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon BN00008264, Rogaland radio. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Rogaland radios gamle mottakarstasjon vest for Skjæveland i Sandnes kommune og omfattar eit stort restområde med open hei og myr. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Nokre mindre felt med amfibiolitt og kalkspatmarmor førekjem spreidd. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonsonna.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen kystmyr med utforminga "blanding mellom nedbørsmyr og jordvannsmyr, men også areal med naturtypen kystlynghei i tørrare delar. Store delar av lokaliteten er dels gras og dels lyngdominert med artar som blåtopp, smyle, røsslyng og klokkeling som dominerande artar. Ellers inngår noko blokkebær, mannsøtgtras, englodnegras, samt i nokre intermediere parti noko myrfiol og duskull. Botnsjiktet er dominert av heiflette (*Hypnum jutlandicum*) i tøre pari, medan torvemosar er heil dominerende i fuktigare delar. I intermedere parti finst mykje grasmose (*Straminergon stramineum*) og engkransmose (*Rhytidiodelphus squarrosus*). Det finst nokre enkeltre i vestre del, medan austre del av avgrensinga er noko tettare tresett med bjørk og rogn, samt ein del tette kratt med øyrevier.

Artsmangfold: Lokaliteten er særsviktig for fugl og det blei observert mykje vadefugl under kartlegging. I tillegg blei det observert jordugle. Den sjeldsynte og raudlista mosen torvsåtemose (*Campylopus pyriformis*) (VU) blei funnen om lag midt i lokaliteten. Denne er svært lite samla i nyare tid.

Bruk, tilstand og påvirkning: Deler av lokaliteten blir beita, medan den austlege delen er uhevda og dels i ferd med å vekse igjen med kratt. Den sørvestlege delen av lokaliteten strekker seg inn blant mottakarmastane til Rogaland radio. Gjødselpreget verker å vere svakt i det meste av lokaliteten. Nokre grøfter finst i austre deler av lokaliteten. Desse påverkar hydrologien her.

Fremmede arter: Nokre unge individ av sitkagran finst spreidd, særleg i den austre delen.

Vegetasjon: Røsslyng-blokkebær-utf (H3a)

Tre-/skogbevokst ombrotrof myr (J1)

Ombrotrof tuemyr (J2)

Verdivurdering: Stort og for ein stor del intakt restområde med viktig funksjon for mange artar, særleg fugl, men også sjeldsynte artar innan andre grupper. Lokaliteten ert difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Siden alle typer restarealet er sjeldsynt på denne delen av Jæren vil det truleg vere riktig å oppretthalde den variasjonen som finst i lokaliteten. Dei delane som i dag ikkje beites, bør truleg få lov til å gro igjen med kratt vegetasjon. Beite bør halde fram der det blir beita i dag.

### **116, Skjæveland V, Naturbeitemark ((D04) Fuktig fattigeng) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit lite areal med noko steinete og lite gjødsla naturbeitemark rett vest for Skjæveland. Avgrensinga grenser mot kantsoner med sitkagran og fulldyrka mark. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Nokre mindre felt med amfibiolitt og kalkspatmarmor førekjem spreidd. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonsonna.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med utforminga fuktig fattigeng. Vanlege artar er kystmaure, vanleg arve, småsyre, engkvein, smyle, torvull, finnskjegg, tepperot og myrfiol. Botnsjikt med engkransmose (*Rhytidiodelphus squarrosus*) og furumose (*Pleurozium schreberi*).

Artsmangfold: Det er ikkje påvist sjeldsynte eller trua artar i lokaliteten. Potensialet reknas også som lågt.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er velhevda og er ut til å bli beita av sau. Gjødselpreget er svakt.

Fremmede arter: Sitkagran planta som skjerm langsmed beitemarka på to kantar.

Vegetasjon: Fuktig fattigeng (G1)

Verdivurdering: Lite, men velhevda naturbeitemark. Denne naturtypen er sjeldsynt på Jæren så det aller meste av beiteareal er sterkt gjødsla. Lokaliteten ert difor vurdert som lokalt viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevda på lokaliteten bør halde fram som i dag.

### **117, Skjæveland, Kystmyr (Atlantisk høgmyr) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon BN00008280, Skjæveland. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett nord for Skjæveland i Sandnes og omfattar eit større restareal med myr, delvis i gjengroing. Lokaliteten grenser mot fulldyrka mark og bustadeigendommar. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Nokre

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

mindre felt med amfibiolitt og kalkspatmarmor førekjem spreidd. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen kystmyr med utforminga atlantisk høgmyr. Ombrotrof myr med til dels sterkt tuedanning. Det veks ein del furu og bjørk i delar av lokaliteten, og det finst ein del øyrevier og pors i busksjiktet. Feltvegetasjonen er typisk for naturtypen med artar som røsslyng, klokkeling, blokkebær, tyttebær, blåtopp, tepperot, bjønnskjegg, heisiv og lyssiv. Botnsjiktet er dominert av torvmosar.

Artsmangfold: Det er ikkje påvist sjeldsynte eller trua artar, men lokaliteten har ein viktig funksjon som hekke- og rastepllass for ei rekke fuglearter.

Bruk, tilstand og påvirkning: Vestlige delar av lokaliteten er relativt nylig gravd opp og det lagt fleire nye røyr og kummar. Dette har øydelagt den naturlege vegetasjonen på eit ganske stor areal. I tillegg finst nokre gamle grøfter, men store deler av den midtre delen av lokaliteten har meir eller mindre intakt hydrologi. Lokaliteten er dels i ferd med å gro igjen med buskar og kratt.

Fremmede arter: Noko framand gran og furu er planta inn.

Vegetasjon: Tre-/skogbevokst ombrotrof myr (J1)

Verdivurdering: Myra er eit viktig restområde i ein region der nesten alt areal er dyrka opp. Det er ikkje påvist sjeldsynte og trua artar her, men lokaliteten har funksjon som hekke- og rasteområde for mange fuglearter. Kombinert med at intakte myrer i låglandet er sjeldsynte gjer dette at avgrensingen er vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: De bør ikkje bli gjort nye tekniske inngrep i lokaliteten. Det er ikkje naudsynt med hevd i from av beite eller rydding.

### **118, Rogaland radio S, Naturbeitemark ((D04) Fuktig fattigeng) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon BN00008263, Rogaland radio S. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ute i den store naturbeitemarka rett vest for Brunesveien, vegen som fører opp til Rogaland radio ved Skjæveland. Lokaliteten grensar mot meir gjødsla beitemark på alle kantar. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Nokre mindre felt med amfibiolitt og kalkspatmarmor førekjem spreidd. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med utforminga fuktig fattigeng i mosaikk med mindre areal med utforminga vekselfuktig baserik eng. Vanlege artar er finnskjegg, kregras, myrtistel, marikåpe sp., blåtopp, tepperot. I tillegg finst meir krevjande artar som jáblom, blåstorr, myrsaulauk, småsivaks, loppestorr, hjartegras og vill-lin spreidd, hovudsakleg i samband med rikare sig. Desse små areala ligg truleg nærmast den sterkt trua vegetasjonstypa vekselfuktig baserik eng (se Fremstad og Moen 2001).

Artsmangfold: Med unntak av nokre uvanlege karplanter, blei det ikkje påvist sjeldsynte eller trua artar på lokaliteten. Potensialet verkar øg begrensa.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten inngår i eit større areal med naturbeitemark som blir beita av hest og sau. Arealet er velhevda og tråkkskadar finst nesten ikkje. Ytterkantane av lokaliteten er noko meir gjødselpåverka inn resten.

Vegetasjon: Vekselfuktig, baserik eng / Blåstarr-engstarreng (vekselfuktig rikeng) (Rødlistebetegnelse) (G11)

Fuktig fattigeng (G1)

Verdivurdering: Lite restarealet som ikkje er særleg gjødselpåverka. Det finst fleire basekrevjande engartar knytte til areal med ei trua vegetasjonstype og hevdtrykket er godt. Lokaliteten er likevel liten og det er ikkje funne sjeldsynte eller trua artar noko som gjer at verdien er sett til viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevda på lokaliteten bør halde fram som i dag. Det er viktig å prøve og unngå at lokaliteten blir utsett for sterke gjødselpåverknad.

### **119, Alsnes, gammel fattig edelløvskog (Eikeskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon BN00008260, Alsnes. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på rett nord for garden Alsnes på ei halvøy i Lutsivatnet i Sandnes og omfattar eit større areal med open aust- til nordvendt eikeskog. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk seksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtiliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal fattig edelløvskog med utforminga eikeskog. Heilt eikedominert skog med tre på 20-50 cm i diameter. Mange av trea har rette stammar og står relativt langt i frå kvarandre, noko som gjev delar av lokaliteten eit lysope preg. Det finst ikkje noko busksjikt. Saman med eit sparsamt og nedbeita feltsjikt gjev dette lokaliteten eit hagemark eller parkliknande preg. Feltsjiktet og botsjiktet er prega av nøysame og vidt utbreidde artar.

Artsmangfold: Eiketre blei undersøkt med tanke på sjeldsynte og trua lav, men berre nokre vanlege artar blei funne. Mangel på riktig gamle og grove tre gjer at potensialet for interessante arter epifyttar ikkje er all verden.

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Bruk, tilstand og påvirkning: Heile lokaliteten blir beita av sau.

Vegetasjon: Blåbær-eikeskog (D1a)

Verdivurdering: Eit større areal med velutvikla eikeskog. Skogen er enno relativt ung, men vil utvikle kvalitetar på litt sikt. Lokaliteten er vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det bør ikkje hoggast i lokaliteten. Det beiteregimet som finst i dag kan halde fram.

---

### **120, Sandnes sentr. gravlund S., Parklandskap (Kirkegårder) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 04.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar den søre gravplassen i Sandnes sentrum. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Nokre mindre felt med amfiboliitt og kalkspatmarmor førekjem spreidd. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen parklandskap med utforminga kirkegårder. Gravlund med ei lang rekke grove platanlønn og bok. Det finnes også nokre grove eiketre, asketre og kastanjetre, samt nokre spreidde rognetre og andre prydtre.

Artsmangfold: Dei grove trea er vekseplass for fleire råmekrevjande kryptogamar. Av lav finst grå punktlav (*Punctelia subrudecta*) EN, *Punctelia jeckeri* CR, og liten praktkrinslav (*Parmotrema chinense*) VU, på fleire tre, hovudsakleg bok og platanlønn. Mosefloraen er også ganske artsrik, men ingen særlig sjeldsynte artar blei funne. Den noko uvanlege arten ynglehárstjerne (*Syntrichia papillosa*) finst likevel i store mengder på mange av trea. Lav og moseelementet er middels godt undersøkt, og er eit potensial for fleire sjeldsynte og trua artar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Heile lokaliteten hevdas som park.

Fremmede arter: Ein stor andel av trea i lokaliteten er ikkje naturlege i regionen, men dei er uansett viktige substrat for sjeldsynte og trua kryptogamar

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit nettverk av parkmiljø i denne delen av Sandnes. Dei same sjeldsynte artane finst i fleire av parkane.

Verdivurdering: Parkmiljø med mange gamle og grove tre og fuktig mikroklima. Lokaliteten huser fleire høgt raudlista artar og er difor vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør bevarast som i dag. Det er viktig å sørge for at det blir ei viss forynging av egna vertstre for dei sjeldsynte artane.

---

### **121, Sandnes sentr. gravlund N, Parklandskap (Kirkegårder) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 04.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar den nordre gravplassen i Sandnes sentrum. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Nokre mindre felt med amfiboliitt og kalkspatmarmor førekjem spreidd. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen parklandskap med utforminga kirkegårder. Gravlund med ei lang rekke grove platanlønn, bok og *Populus* sp. Det finnes også nokre grove eiketre, asketre og kastanjetre, samt nokre spreidde rognetre og andre prydtre.

Artsmangfold: Dei grove trea er vekseplass for fleire råmekrevjande kryptogamar. Av lav finst grå punktlav (*Punctelia subrudecta*) EN og *Punctelia jeckeri* CR på fleire tre, hovudsakleg bok og platanlønn. Mosefloraen er også ganske artsrik, men ingen særlig sjeldsynte artar blei funne. Den noko uvanlege arten ynglehárstjerne (*Syntrichia papillosa*) finst likevel i store mengder på mange av trea. Lav og moseelementet er middels godt undersøkt, og er eit potensial for fleire sjeldsynte og trua artar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Heile lokaliteten hevdas som park.

Fremmede arter: Ein stor andel av trea i lokaliteten er ikkje naturlege i regionen, men dei er uansett viktige substrat for sjeldsynte og trua kryptogamar

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit nettverk av parkmiljø i denne delen av Sandnes. Dei same sjeldsynte artane finst i fleire av parkane.

Verdivurdering: Parkmiljø med mange gamle og grove tre og fuktig mikroklima. Lokaliteten huser fleire høgt raudlista artar og er difor vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør bevarast som i dag. Det er viktig å sørge for at det blir ei viss forynging av egna vertstre for dei sjeldsynte artane.

---

### **130, Skjelbreitjørna S, Riksumpskog (Viersump i lavlandet) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 02.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtyper 2011.

---

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved utløpet av elva Svia i søre enden av Skjelbreitjørna i Sandnes kommune og omfattar ein flaumpåverka viersumpskog. Berggrunnen består av gneis og lausmassedekket består av breelvavsetninger. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som rikare sump- og kjeldeskog med utforminga "viersump i lavlandet" og er ein flaumpåverka sumpskog. Typen er raudlista innanfor "rikare myrkantmark i lavlandet" som sterkt trua (ein). Lokaliteten har tett krattskog dominert av øyrevier. Feltsjiktet består av gras og urtar, men er nokre stader dårlig utvikla.

Artsmangfold: Av lav blei *Fuscidea lightfootii*, liten praktkrinslav (VU) og orelav funne på øyrevier. Blant moser blei tønnebustehette (*Orthotrichum striatum*), vibustehette (*Orthotrichum pulchellum*) og snutegullhette (*Ulota drummondii*) funne på trestammar, medan palmemose og sumpbroddmose veks på bakken. Kostsåtemose (*Campylopus fragilis*) veks òg i lokalitetten.

Bruk, tilstand og påvirking: Innsjøen er regulert slik at lokaliteten ikkje lenger har intakt flaumregime. Langsmed vestsida er det ei forbygging som truleg påverkar flaumregimet noko. Det er spor av hogst i lokalitetten.

Fremmede artar: Det står noko platanlønn og gran innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten grensar mot to prioriterte naturtypekodaliteter; beitemyra Skjelbreitjørna SØ og det viktige bekdedraget Svia som renn mellom Skjelbreitjørna og Svhusvatnet.

Verdivurdering: Naturtypen er raudlista som sterkt trua og det er funn av ein sårbar art i lokalitetten. Den inngår òg i eit samanhengande landskap med to andre prioriterte naturtyper. På grunnlag av dette blir lokalitetten, til tross for liten storlek, vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Ingen skjøtsel er naudsynt. Hogst påverkar verdiane negativt.

### **131, Voren-Dyranuten, Kystlynghei (Fuktig lynghei) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson den 01.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon BN00008287, Vore – Dyranut. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i nordhellinga av Voren og Dyranut, sør for Ur-Eikjeland i Sandnes kommune og omfattar eit stort fuktheikompleks. Berggrunnen består av granitt og lausmassedekket består av morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona. Fuktheia er svært stor og grensar mot fleire andre typar natur som myr, siktgran-plantefelt, vatn og jordbruksmark. Vest i lokalitetten ligg ei kystmyr som er avgrensa som eigen polygon (Voremyra).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen kystlynghei med utforminga "fuktig lynghei", men òg noko areal med naturtypa kystmyr finst innanfor avgrensinga. Naturtypen kystlynghei er raudlista som sterkt trua (ein). Store delar av lokalitetten er lyngdominert, men med innslag av gras. Røsslyng og klokkelkyng er dominerande artar, men òg blåtopp, smyle, rome, finnskjegg, fjelljamne og lusegras er vanlege. Langsmed bekkar og i vatnsig i nedkant av lokalitetten står fjellfiol, jáblom, pors, tepperot og blåknapp spreidd.

Artsmangfold: Lokalitetten er viktig for fugl. Det er potensial for å finne klokkesøte (VU), men denne blei ikkje funnen ved befaringa. Nokre møkkmosar blei funne på gammal storfemøkk.

Bruk, tilstand og påvirking: Lokalitetten blir beita, men beitetrykket er vurdert å være lågt og delar av heia, særleg i nordvest, er i ferd med å vekse att med kratt. Det er svært usikkert om lokalitetten framleis blir brent. Gjødselspreget verker å vere svakt i det meste av lokalitetten, men nærmast vegen og garden i nordre del av lokalitetten er gjødselspreget sterkere. Fleire stadar på gammal kystmyr og kysthei i kanten av lokalitetten er det planta siktgran. Denne spreier seg litt innover.

Fremmede artar: Sitkagran står fleire stadar rundt den avgrensa lokalitetten og nokre unge individ står innanfor avgrensinga..

Del av helhetlig landskap: Kystlyngheia inngår i eit kompleks av kystlyngheier i området. Mange er sterkt påverka av gjødsling og gjenplanting, men denne er meir intakt enn dei andre.

Verdivurdering: Lokalitetten omfattar eit stort kystlyngheikompleks med relativt lite negativ påverknad. Kystlynghei er raudlista som sterkt trua (ein). Det er potensial for nokre sjeldsynte plantar og fuglar. På grunnlag av raudlista naturtype, storlek og lite negativ påverknad er lokalitetten vurdert som svært viktig (A).

Skjøtsel og hensyn: Tradisjonell skjøtsel er viktig for å unngå gjengroing. Beite med storfe, lyngbrenning og krattrydding er viktige skjøtselmetoder. Gjødsling og gjenplanting ødelegger verdiene.

### **132, Voremyra, Kystmyr (Jordvannsmyr) - Verdi A.**

Innledning: Lokalitetten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson den 01.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokalitetten erstattar gammal polygon BN00008293, Voremyra. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011. Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokalitetten ligg i ei forsenking vest for Voren og sør for Ur-Eikjeland i Sandnes kommune og omfattar ei kystmyr. Berggrunnen består av granitt og lausmassedekket består av torv. Lokalitetten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona. Myra er langstrakt. Den grensar i vest mot oppdyrka mark og kystlynghei og i aust mot siktgranplantefelt og kystlynghei. Kystlyngheia er avgrensa som ein eigen polygon (Voren-Dyranuten).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen kystmyr med utforminga "jordvannsmyr". Naturtypen kystmyr er raudlista under open myrflate som nær trua (NT). Store delar av lokalitetten er storodomintert, men med innslag av gras og lyng. Pors og klokkelkyng veks spreidd i lokalitetten samman med tranebær og rome. Det er innslag av rikmyrartar som engstorr, småsivaks, dvergjamne, myrstjernemose og rosetorvmose.

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Artsmangfold: Lokaliteten er viktig for fugl. Nokre øyenstikkarar blei observert ved beferinga, men dei blei ikkje artbestemt.

Bruk, tilstand og påvirkning: Myra blir beita, men beitetrykket er vurdert å vere lågt. Det veks att litt med bjørk i nordre del ognoko einer står i kantsona mot kystlynghei. I sørvest påverkes myra av gjødselsig frå jordbruksarealer og i aust er det ein risiko for at siktkagran skal spe seg inn på myra. Nærast plantefeltet er myra og påverka av drenering fordi platefeltet er grøfta.

Fremmede artar: Sitkagranplantefelt både i nord og i aust.

Del av helhetlig landskap: Kystmyra inngår i eit stort kystlyngheikompleks.

Verdivurdering: Lokaliteten omfattar ei kystmyr som er omgitt av eit stort kystlyngheikompleks med relativt lite negativ påverknad. Noenlunde intakte myrer er sjeldsynte i boreonemoral sone og ei myr av denne storleiken som i tillegg ligg i eit større kystlynghei-kompleks blir vurdert som svært viktig (A).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten treng ikkje skjøtsel, men kan beites. Grøfting, gjødsling og tilplanting ødelegger verdiane.

### **133, Ur-Eikjeland, Hagemark (Bjørkehage) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 02.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei hagemark som ligg i ein nordvendt skråning ved Ur-Eikjeland i Sandnes kommune. Bjørkehagen grensar til dyrkamark i sør og aust, veg, industriområde og myr i nord og betiemark/hagemark i vest. Berggrunnen består av migmatittisk gneis og lausmassedekket består av morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon og i den boreonemorative vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypa hagemark med utforminga "bjørkehage" i mosaikk med viktig bekkekded med utforminga "bekk i intensivt drevne jordbrukslandskap" og stor gammal eik. Hagemarka er glissett tresett med bjørk (dbh ca. 40-50 cm), men det førekjem også rogn, selje og eik. Feltsjiktet er stort sett grasdominert. Eit stort eiketre som måler 125 cm i diameter i brysthogde står i sørkanten mellom hagemaka og ein steintipp. Eika har brei krone, men ikkje så godt utvikla sprekkebark. Langsmed bekken vest i lokaliteten veks fleire eiker og noko hassel, rogn og spisslønn. Her er feltsjiktet og marka nesten kjeldepregata.

Artsmangfold: Ingen sjeldsynte artar blei registrert, men ei rekke vanlege mosar og lav blir funne. Blant desse er muslinglav, piggknoppgullhette, trådkjømose, vengemose, orelav og gulband.

Bruk, tilstand og påvirkning: Hevda er svak og graset høgvokst. Det er truleg gjødselsig frå dyrka mark i sør.

Fremmede artar: Det blei ikkje registrert nokre framande artar i lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Det ligg fleire meir eller midre velutvikla bjørkehagar i dalgangen.

Verdivurdering: Det blei ikkje funne nokon sjeldsynte oseanske artar i bjørkehagen. Denne er vurdert på grunnlag av relativt grove bjørkar, ei stor gammal eik og potensial for framtidige funn av sjeldsynte artar som lokalt viktig (C). Den store eika i seg sjølv ligg på grensen til viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hagemarka kan gjerne beites, men må ikkje gjødslast.

### **135, Skjelbreitjørna SA, Slätte- og beitemyr - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 02.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs søravstadsida av Skjelbreitjørna i Sandnes kommune og omfattar eit beita myr/heiområde. Berggrunnen består av granitt og lausmassedekket består av torv og morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon og i den boreonemorative vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen slätte- og beitemyr med utforminga beitemyr i mosaikk med kystlynghei med utforminga "fuktig lynghei". Beitetrykket er så sterkt at beitemyr blei valgt framfør kystmyr. Naturtypa kystlynghei er raudlista som sterkt trua (ein). Store delar av lokaliteten er storr- og grasdominert, men med innslag av lyng. Vegetasjonen er ei blanding av myr/kjeldeartar, heiartar og kulturartar.

Artsmangfold: Lokaliteten er artsrik men få sjeldsynte artar blei funne. Kvitmyrak, duskull, myrfiol, kvitlyng, klokkeling, tepperot, blåknapp, blåtapp, pors, knappsværk, kornstorr, kjeldeurt, flaskestorr, myrsivaks, gronnstorr, venderot, ryllsiv, englodnegras, krysiv, myrmjølke, stjernestorr, småengkall, finnskjegg, myrtistel, nysyrrlik, rome, bjørnnskjegg, skavgras, tettegras, blodtapp, sumpkarse, myrsauløk og kystmaure vekst innanfor eit lita areal. Av mosar blei horntorvmose, raudtorvmose, spriketorvmose, bekkelundmose og sumbroddmose funne. Lokaliteten er viktig for fugl og ein enkeltbekkasin blei observert ved beferinga. Nokre møkkmosar blei funne på gammal storfemøkk.

Bruk, tilstand og påvirkning: I vestre del er det sterkt attgroing av heia med einer. Lokaliteten blir beita, men beitetrykket er vurdert å være relativt lågt. Gjødselpreget verker å vere svakt i det meste av lokaliteten, men i kantsoner mot jorbruksareal i sør og aust blir gjødselspåverknaden gradvis sterkare.

Fremmede artar: Ribbesåtemose blei funnet i lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Beitemyra inngår i kompleks av beitepåvirket myr og lynghei som ligg spredd i eit ellers sterkt kulturvirket og gjødslet område..

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Verdivurdering: Lokaliteten omfattar ei stor beitepreget myr- og lystheikompleks. Det er innslag av nokre kjeldeartar og artar som indikerar rikare forhold. Store myrkopleks skal er vurdert som viktige i boreonemoral sone og kystlynghei er raudlista som sterkt trua (ein). På grunnlag av raudlista naturtype, storlek og relativt låg gjødselpåverknad er lokaliteten vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør skjøttast tradisjonelt med rydding, beite og noko brenning på tørrare delar. Gjødsling, grøfting og gjenplanting med tre vil øydeleggje verdiane.

### **136, Svia, Viktig bekdedrag (Bekk i intensivt drevne jordbrukslandskap) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson den 01.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar bekken/elva Svia frå utløpet i Svhuisvatnet i aust til innløpet i Skjelbreitjørna i vest og ligg i Sandnes kommune. Berggrunnen består av granitt og lausmassedekket i kantsone består av morene i vestre delar, breelvavstning i aust og noko torv i forsumpa parti. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemorative vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen viktig bekdedrag med utforminga "bekk i intensivt drevne jordbrukslandskap", men inkluderar òg ei kantsone av varierande breidd. I vest er kantsona generelt breiare med meir naturleg vegetasjon så som fukthei og myr. I austre del er elva steinsett, sett stort utan kantsone og renn gjennom eit hardt utnyttet jordbrukslandskap. I flaumsona langsetter elva veks nokre stadar vierkratt. Mjødurt, pors, fjellmarikåpe, tepperot, røsslyng, markjordbær veks langsmed bredden. Bekkelundmose, buttgråmose og klobekkmose veks på steiner i bekkene.

Artsmangfold: Det blei ikkje funne nokon sjeldsynte artar langsetter bekken, men ved innlaupet til Skjelbreitjørna blei det funne sjeldsynte lav (egen lokalitet Skjelbreitjørna S) og det er eit potensial for slike artar på vjer langsmed bekken og ved utlaupet frå Svhuisvatnet.

Bruk, tilstand og påvirkning: Austre del er påverka av avrenning frå jordbruksareal og er til dels steinsett. Vegen kryssar elva tre stader på strekningen. Det ligg nokre rundballar ret tved elva i austre del.

Fremmede artar: Der den midterste vegen kryssar elva finst ein kjemeførekommst av parkslirekne, truleg på fylling. Plantene veks heilt ut mot vatnet. I samme område veks også rødhyll, stikkelsbær og platanlønn. Sistnevnte står også andre stadar langsmed elva.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten knytta samman to innsjøar i eit sterkt utnyttat jordbruklandskap.

Verdivurdering: Elva Svia renn gjennom eit sterkt utnyttet kulturlandskap og bind saman to innsjøar. Langsetter delar av strekninga har elva ei godt utvikla kantsone, med både vierkratt, hei- og myrvegetasjon. Lokaliteten blir difor vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Ei breiare kantsone vil auke verdiane, særleg i austre delar av lokaliteten. Detta vil òg redusere avrenninga av næring frå jordbruksareal omkring. Rundballar i kantsona kan gi næringslekkasje til elva. Fjerning av frammade artar som parkslirekne vil auke verdiane i lokaliteten.

### **137, Tveit, Kystmyr (Jordvannsmyr) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 04.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei myr vest for Tveit i Sandnes kommune. Berggrunnen består av granitt og lausmassedekket består av morene og torv. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemorative vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som kystmyr med utforminga jordvannsmyr. Vegetasjonen er storrdominert med innslag av gras og lyng. Kantane er busk- og tresette med bjørk og øyrevier. Dvergbuskar kjem inn i tørrare parti.

Artsmangfold: Blant karplanter blei rome, blåtopp, engkvein, stjernestorr, duskull, skogsnelle, myrfiol, tepperot, knappsviv og kornstorr registrert på den opne myra. Pors, røsslyng, klokkelkyng, blokkebær og krekling veks på tørrare tuer og i nærleiken av grøftekantar. Av mosar blei raudtorvmose, vortetorvmose, sumptorvmose og filtbjørnemose registrert. Dette er vanlege artar i området. Vanleg øyenstikker (Aeshna juncea) flyt fortsett i lokaliteten i oktober.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det går tre større grøfter gjennom myra. Dette har ført til attgroing nærmest grøftene, medan store areal på litt avstand frå grøftene har tilnærma intakt grunnvassstilstand. Myra har truleg vore slått og/eller beita tidligare.

Fremmede artar: Ingen frammede artar blei registrert.

Del av helhetlig landskap: Relativt intakte myrer er eit meir sjeldsynt innslag i Sandnes, der store areal har vorte dyrka opp til jordbruksmark eller planta igjen med skog.

Verdivurdering: Myra ligg i eit sterkt påverka kulturlandskap og er utsett for noko grøfting. Den er stor og har store areal med tilnærma intakt grunnvassstand og er på grunnlag av dette vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Tetting av grøfter vil auke naturverdiane i lokaliteten.

### **138, Skeiberget, Sørveste berg og rasmarker (Stabil utforming på moserik, grovsteinet blokksmark) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei sørvendt, tresett rasmark og ei hagemark i ei lisiide som heller ned mot innsjøen Seldalsvatnet i Sandnes kommune. Berggrunnen består av migmatittisk gneis og lausmassedekket består av skredmateriale som kan ha innslag av både olivinstein og marmor. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon og i den boreonemorale vegetasjonssonen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som sørvendt berg og rasmark i mosaikk med bjørkehage i nedkant av rasmarka. Det er ein relativt småvaksen bjørkeskog med innslag av noko hassel, osp og eik. I busksjiktet finst krossved, vivendel og noko einer spreidd. Feltsjiktet er sparsamt utvikla med artar som gullris, fugletelg, blåbær, blåtopp, blåknapp, fingerstorr og gaukesyre men det veks også nokre meir krevjande artar som til dømes markjorbaer, skogfiol, knollerterknapp og fagerperikum på mark påverka av rikare sigevatn. I botnsjiktet veks både mindre og noko meir krevjande mosar. Skogen er stort sett ung og det finst sparsamt daud ved.

Artsmangfold: Ei rekje meir eller mindre vanlege mosar og nokre lav blei registrert: kystpute, blanknever, orelav, Pertusaria albescens, kamrose, kystmoldmose, stivlommemose, krusfellmose, kystkransmose, steingullhette, berghinnemose, galleteppemose og kystflatmose.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen og hagemarka har truleg vore meir open tidlegare. Det er eit svakt beitetrykk på lokaliteten.

Fremmede artar: Ingen funn av frammande artar.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire hagemarkar og rasmarker i dalgangen med funn av sjeldsynte artar.

Verdivurdering: Det er eit potensial for sjeldsynte oseanske lav og mosar i lokaliteten, men ingen blei påvist. Rasmarksskogen og hagemarka er stort sett ung. Lokaliteten er vurdert som lokalt viktig (C) på grunnlag av godt potensial for sjeldsynte artar og nærliek til liknande og bedre utvikla lokalitetar.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling.

---

### **139, Søredalen, Kystlynghei (Fuktig lynghei) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 04.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar området langsmed innløpsbekken i nordaustre del av Svedalsvatnet i Sandnes kommune. Berggrunnen består av gneis og i øvre delar kalkspatmarmor. Lausmassedekket består av breelvavsetninger i sørvest og morene i nordaust. Fleire bekdedrag og mindre sig gjev delar av området myr/kjeldepreg. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon og i den boreonemorale vegetasjonssonen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som kystlynghei med utforminga fuktig lynghei i mosaikk med beitemyr. Kystlynghei er vurdert som ein sterkt trua naturtype (ein). Vegetasjonen er gras- og storrdominert, men med innslag av lyngartar og lokaliteten kunne eventuelt vore karkaterisert som naturbeitemark.

Artsmangfold: Av karplanter blei blåtopp, krysiv, myrsaulauk, lodnegras, myrfiol, rylsiv, stjernestorr, engvein, kornstorr, tepperot, klokkeling, myrtistel, bjørnskjegg, heisiv, grønstorr, vill-lin, bekkestjerneblom og myrmjølke registrert, men ingen direkte sjeldsynte artar. Av moser blei broddmose sp., kjeldesildremose, raudtorvmose, vortetorvmose, stormakkmos og raudmakkmos. Dette er vanlege artar i regionen.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten som heilskap beites av sau, men desse går mest i dei mest gjødsla områda. Det er truleg gjødselsig fra gjødsla arealer i og rundt lokaliteten. Delar gror att med einer.

Fremmede artar: Det blei ikkje registrert frammede artar i lokaliteten, men det står ein del i vegskrenten langsmed vegen som går på nordvestsida av lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Fuktig hei og myr begynner å bli eit meir sjeldsynt innslag i Sandnes, der store areal er blitt dyrka opp til jordbruksmark eller planta igjen med skog.

Verdivurdering: Lokaliteten omfattar eit stort område med fukthei og myr som framleis er i hevd med beite. Området er noko gjødselpåverka og delar gror att med einer. Kystlynghei er raudlista som sterkt trua (ein). Det er potensial for nokre sjeldsynte planter og fuglar. På grunnlag av raudlista naturtype og storlek er lokaliteten vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Hald fram med beite og rydd einerkratt. Gjødsling eller skogplanting i eller i nærleiken av lokaliteten vil redusere verdiene.

---

### **140, Kvednahaugen, Kystlynghei (Fuktig lynghei) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 04.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit hei/myr-kompleks nord for Svidheia i Sandnes kommune. Norvestre del er ikkje feltbefart, men inkludert på grunnlag av ortofoto. Berggrunnen består av båndgneis, stedvis med innslag av amfibolitt. Lausmassedekket består av morene og torv. Fleire kjelder og bekdedrag gir delar av området myr/kjeldepreg. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon og i den boreonemorale vegetasjonssonen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som kystlynghei med utforminga fuktig lynghei i mosaikk med kystmyr med utforminga jordvannsmyr. Kystlynghei er vurdert som ein sterkt trua naturtype (ein). Vegetasjonen er lyngdominert med stort innslag av gras og storr. Dvergbuskar i området er pors, røsslyng, klokkeling, blokkebær og den regionalt noko sjeldsynte dvergbjørk.

Artsmangfold: Av karplanter blei kornstorr, tepperot, bjørnskjegg, finnskjegg, engvein, smyle, geitsvingel, blåtopp, heisiv, lusegras, stjernestorr, grønstorr, rome, duskull, knapsiv, trådstarr, krysiv, myrtistel, rundsoldogg, flaskestorr og noko elvesnelle registrert, men

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

ingen direkte sjeldsynte artar. Av mosar blei raudtorvmose, vortetorvmose, heigråmose, fløyelstorvmose og kysttorvmose funne. Dette er relativt vanlege artar i området.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er eit grøfta sitkagranplanefelt sørvest for lokaliteten. Detta kan ha påverka hydrologien i lokaliteten og det kan i tillegg spre seg inn sitkagran. I vest og nordvest gror heia att med einer. Ei høgspentlinje kryssar lokaliteten.

Fremmede artar: Sitkagran kan spreie seg inn frå plantefeltet.

Del av helhetlig landskap: Fuktig hei og myr begynner å bli eit meir sjeldsynt innslag i Sandnes, der store arealer er blitt omgjort til jordbruksmark eller planta igjen med skog.

Verdivurdering: Lokaliteten omfattar eit stort område med fukthei og myr med kjeldepreg. Delar av heia gror igjen med einer. Naturtypen kystlynghei er raudlista som sterkt truet (ein). Det er potensial for nokre sjeldsynte planter og fuglar. På grunnlag av raudlista naturtype og storleik er lokaliteten vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Rydding av einerkratt og beite vil gi kystlyngheia ein betre tilstand. Grøfting eller graving i myr- og kjeldededlane av lokaliteten vil øydeleggja verdiane der.

---

### **141, Hammarsalen 1, Kystmyr (Jordvannsmyr) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 02.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei myr og eit tjern vest for Store Hammarsfjell i Sandnes kommune. Berggrunnen består av augegneis og lausmassedekket består av torv. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som kystmyr med utforminga jordvannsmyr. Vegetasjonen er storrdominert med innslag av gras og lyng.

Artsmangfold: Av karplanter blei rome, rundsoldogg, bjørnnskjegg, kvitlyng, blåtopp, kvitmyrak, bukkeblad, myrfiol, tepperot og trådstorr registrert på myra, medan det veks elvesnelle, kystjønnaks (sterkt kystbunden), kvit nøkkerose og ein blærerot (truleg Utricularia minor eller U. intermedia) i tjernet. Pors, røsslyng og krekling veks på tørrare tuver. Av mosar blei raudtorvmose, vortetorvmose, dvergtorvmose, vassstorvmose og kjøttorvmose funne. Dette er relativt vanlege artar i området.

Bruk, tilstand og påvirkning: Myra er meir eller mindre intakt utan spor av grøfting. Det går ein liten kjerreveg i nordenda av lokaliteten.

Fremmede artar: Ved vegen i vestkanten av lokaliteten står både ein spirea og ein frammad mispelart.

Del av helhetlig landskap: Intakte myrer er eit meir sjeldsynt innslag i Sandnes, der store areal er blitt omgjort til jordbruksmark eller planta igjen med skog.

Verdivurdering: Lokaliteten omfattar ei stor og intakt jordvannsmyr i boreonemoral vegetasjonssone, og avgrensinga vurderes difor som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten er ikkje avhengig av skjøtsel og bør få ligge i fred.

---

### **142, Hammarsalen 2, Kystmyr (Jordvannsmyr) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 02.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei smal myr og eit lite tjern sørvest for Store Hammarsfjell i Sandnes kommune. Berggrunnen består av augegneis og lausmassedekket består av torv. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som kystmyr med utforminga jordvannsmyr. Vegetasjonen er storrdominert med innslag av gras og lyng. I kantene dominerer einer og pors med innslag av røsslyng og blokkbær i busksjiktet og her er det også eit glisset tresjikt med furu, bjørk og noko selje. Nokre små eikeplanter står på tørrare tuver.

Artsmangfold: Orelav blei registrert på på selje. Ute på den opne myra veks rome, duskull, klokkeling, stjernestorr, blåtopp og tepperot. Av moser blei storbjørnemose og sumptorvmose funne. Dette er vanlege artar i området.

Bruk, tilstand og påvirkning: Myra påverkes truleg noko av vegen i sørvestre kant, men er elles tilsynelatende intakt. Myra kan ha vore meir open i tideligare tider i samband med utmarksbeite.

Fremmede artar: Ingen fråmmende artar blei registrert i lokaliteten

Del av helhetlig landskap: Intakte myrer begynner å bli eit meir sjeldsynt innslag i Sandnes, der store areal er blitt omgjort til jordbruksmark eller planta igjen med skog.

Verdivurdering: Lokaliteten omfattar ei nokså intakt og relativ stor jordvannsmyr i boreonemoral vegetasjonssone. Den er på grunnlag av dette vurdert som lokalt viktig (C).

---

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten er ikkje avhengig av skjøtsel.

**143, Asbjørntjørn N, Gammel barskog (Gammel furuskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 02.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Asbjørntjørn i nordaustre del av Sandnes kommune og omfattar ein furuskog. Berggrunnen består av augegneis og lausmassedekket er tynt og består av morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonsssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som gammal barskog med utforminga "gammal furuskog". Skogen er av blåbærtypen men innslag av gras, for eksempel blåtopp. I busksjiktet veks einer og tresjiktet er dominert av furu med innslag av osp og bjørk og noko eik. Furutrea måler 30-40 cm i brysthøyde, men enkelte er grovere. Skogen er stort sett einsjikta med lite aldersspredning. Det er ein del gadd, men få læger.

Artsmangfold: Horn- og/eller ringstry (NT) veks langt ned på stammen på mange av furutrea. brun korallav veks på bjørk med grov bark. Kvittringnål og fausknål blei funne på furugadd. Av moser blei blåmose, vegnikke, skogåmemose, fjordvebladmose, pelssåtemose og heigråmose registrert.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er nokre spor av hogst i lokaliteten.

Fremmede artar: Ingen registrert i lokaliteten, men store førekomster av bulkemispel langsetter bekken og vegen vest for avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten grensar mot ein eik/furuskog i sør aust, eit brannfelt i nord og ei kløft med rik mose- og lavflora i nordaust.

Verdivurdering: Furuskogen har ein del eldre tre og førekost av gadd og nokre læger. Det er truleg funn av ein eller to nær trua lavarter. Det er fleire naturtypelokalitetar i området slik at denne inngår i ein større heilhet. Lokaliteten er vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane blir best tatt omsyn til ved fri utvikling.

**144, Ørnahammaren, Nordvendte kystberg og blokkmark (Sørlig, oseanisk moseutforming) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og av John Inge Johnsen den 04.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei nordvestvendt kløft på nordsiden av Hammarsfjellet i nordaustre del av Sandnes kommune. Berggrunnen består av augegneis og lausmassedekket er tynt. I nedkant av lokaliteten ligg ei lita myr. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonsssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensninga gjeld naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark med utforminga sorleg, oseanisk moseutforming. Furu dominerer tresjiktet, men det er innslag av grov osp, bjørk og noko rogn og selje. Marka er storblokket med eit tjukt moseteppe. I feltsjiktet veks noko blåbær, tyttebær, krekling, lusegras og smyle. Ein liten bekk renn i botn av kløfta.

Artsmangfold: Lokaliteten har eit rikt mangfold av kryptogamar. Dette gjeld både artar knytta til bergvegger og store steinblokker, samt epifytar. Det blei registrert ei lang rekke vanlege oseaniske lav og moser. Blant sjeldsynte artar blei butturnemose (VU), kystkorallav (NT), Gul pærelav (*Pyrenula occidentalis* cf.) (NT), Hasselurlav (*Thelotrema sueicum* cf.) (NT) og hornstry cf. (NT) registrert. Andre artar som kan nemnast er purpurnose (*Pleurozia purpurea*) og den lille råmekrevjande bregna hinnebregne.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er ikkje veldig gammal, men det blei ikkje funne spor av hogst. Myra og skogen i nord har vore utsett for brann.

Fremmede artar: Ingen frammande artar blei registrert i lokaliteten, men ribbesåtemose veks på Stein ved myra i nord.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire nordvendte kløfter i regionen med stort mangfold av oseaniske lav og mosar.

Verdivurdering: Lokaliteten har ein velutvikla lav- og moseflora med fleire råmekrevjande sjeldsynte artar. Skogen er lite påverkad av hogst. Det er store førekomstar av hinnebregne og stort arts Mangfold av mosar og lav. Den er difor vurdert som svært viktig (A).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør bevarast under fri utvikling.

**145, Hammar, Brannfelt - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 02.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei myr og ei skogkledd liside nord for Ørnahammaren i nordaustre del av Sandnes kommune. Berggrunnen består av augegneis og lausmassedekket er tynt, men består av torv på myra. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonsssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensninga omfattar naturtypen brannfelt. Det er ei myr, ein myrskog og ein grunnlendt furu- og bjørkeskog som har brunne. Brannen har skada og tatt livet av fleire furutre på myra, men ikkje gått djupt ned i torva. I lisida er mange tre drepne av brannen, mens andre har unngått brannen og overlevd. Skogtypa som har brunne er fattig og skrinn lyngskog.

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Artsmangfold: Artsmangfaldet blei ikkje undersøkt, men det er fleire raudlista artar av fyrst og framst sopp, lav og insekter som er knytta til brent mark og brent ved.

Bruk, tilstand og påvirkning: Storparten av området er ikkje hogd ut etter brannen.

Fremmede arter: Ribbesåtemose har etablert seg på brent mark på småkoller i myra.

Del av helhetlig landskap: Brannfelt er særskilt uvanlege i oseanisk vegetasjonsseksjon.

Verdivurdering: Lokaliteten utgjer ein for regionen særskilt uvanleg naturtype, med stor mengde daude tre og brent ved. Brannfeltet er framleis sterkt prega av brannen. Artsmangfald blei ikkje undersøkt, men fleire artar på raudlista er avhengige av slike områder. Lokaliteten er på grunnlag av dette vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling.

---

### **146, Steinane, Rik sumpskog (Varmekjær kildelauvskog) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ein varmekjær kjeldelauvskog. Skogen veks på begge sider av riksveg 13 i eit lite område ved Steinane på nordsiden av Lutsivatnet i Sandnes kommune. Berggrunnen består av migmatittisk gneis og lausmassedekket består av breavsetninger. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonsonna.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rikare sump- og kjeldeskog med utforminga varmekjær kjeldelauvskog. Naturtypen er raudlista som sárbar (VU). Tresjiktet er dominert av svartor, platanlønn og selje med noko rogn og eik i kanten. I busksjiktet veks kristorn, vivendel og ei rekke frammande buskar. I feltsjiktet veks skavgras, skogsnelle, mjødurt, skogkarse, sverdlilje og skogburkne. I kantene veks òg blåknapp, markjordbær og blåklokke. Trear er forholdsvis unge og måler ikkje meir enn 20 cm i dbh. Særleg platanlønnen er ung og i ferd med å vekse opp i kronene til svartortrea.

Artsmangfold: Ingen sjeldsynte artar blei registrert i skogen. Orekjuke blei registrert på svartor. Sumproddmose og lundveikmose veks i botnsjiktet.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det fins noko gadd, men det er generelt lite daud ved i biotopen. Kjeldeskogen deles i to av riksveg 13.

Fremmede arter: Bulkemispel, stikkelsbær og platanlønn er vanlege i biotopen.

Del av helhetlig landskap: Det er registrert få rikare sump- og kjeldeskogar i området.

Verdivurdering: Lokaliteten er liten og sterkt påverka. Naturtypen er raudlista som sárbar (VU). Kjeldeskogen er difor vurdert som lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Fjerning av frammande artar vil auke verdiane. Unngå forsatt drenering eller fylling i samband med til dømes utbedring av vegen.

---

### **147, Dybinglia, Gammel fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 04.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten erstattar gammal polygon BN00008256 - Dybinglia. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei skogkledd lisiide som heller ned mot innsjøen Dybningen i Sandnes kommune. Berggrunnen består av migmatittisk gneis og lausmassedekket består av morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonsonna.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som gammal fattig edellauvskog med utforminga eikeskog. Delar er noko rikare og kunne eventuelt vore klassifisert som rik edellauvskog. Det er ein relativt storvokst eikeskog som veks i ei steinur med grove blokker. Mange eiker måler 30-50 cm i brysthøgde, medan einskilde tre måler 70 cm i dbh. Noko lind finst spreidd. I busksjiktet veks hassel og bjørk og i det glisne feltsjiktet veks einstape, smyle, engkvein, lækjeveronika, gaukesyre og tepperot. Det er innslag av rikare flora med artar som blåklokke, myrske, revebjelle og breiflangre. I botnsjiktet veks mellom anna kystkransmose, kystbjørnemose. Det er stort sett lite daud ved i skogen, men det finst ein del tynne gadd og læger av eik og bjørk.

Artsmangfold: Fløyelsbjørnebær (VU) veks spreidd i skogen, særleg i meir ope parti. Eikelav (Flavoparmelia caperata) (NT) veks på ei eik saman med skorpelaven vanleg rurlav (*Thelotrema lepadinum*).

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen har vore meir open tidlegare og det kjem nå opp ein god del ung hassel og bjørk. Den blir beita av sau, men med lågt beitetrykk. Det går ein liten kjerreveg i overkant av lokaliteten.

Fremmede arter: Mispelartar veks spreidd i skogen. Det er planta gran i ei smal stripe mellom to hytter.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåast i sammanhang med andre sørsvendte lisider i området med varmekrevende vegetasjon og edellauvskog.

Verdivurdering: Eikeskogen er relativt storvaksen og begynner å utvikle viktige daudved element. Det blei funne ein nær trua lav og ei type bjørnebær som er vurdert som sárbar. I eikehagen nordaust for eikeskogen blei det funne fleire sjeldsynte lav. Lokaliteten er difor vurdert som viktig (B).

---

Skjøtsel og hensyn: Fjerning av gran og mispelartar vil auke naturverdiane i lokaliteten.

**148, Dybinglia NA, Hagemark (Eikehage) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 04.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei hagemark/beitemark i ei lisiide som heller ned mot innsjøen Dybningen i Sandnes kommune. Berggrunnen består av migmatittisk gneis og lausmassedekket består av morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemorale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen hagemark med utforminga "eikehage" og ei naturbeitemark med utforminga "frisk fattigeng". Vegskrāninga langsetter riksveg 13 er inkludert på grunnlag av store mengder fløyelsbjørnebær. I hagemarka står fleire grove eiketre med diameter i brysthøgde på rundt 50 cm. Feltsjiktet er grasdominert. Her veks òg tepperot, smalkjempe og mykje einstape.

Artsmangfold: Det veks store mengder fløyelsbjørnebær (VU) spreidd i heile lokaliteten. På grove eiketre i hagemarka i nordvest blei orelav, liten praktkrinslav (VU) og grå punktlav (ein) registrert.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir beita av sau, men det er tydelege teikn til attgroing i heile lokaliteten. Sørvest i lokaliteten ligg fleire hytter og områda rundt desse er prega av attgroing.

Fremmede artar: I vegskrāninga, beitemarka og hagemarka veks fleire fremmade artar, for eksempel gyvel, hagelupin, sprikemispel, divelsmispel, bulkemispel, rosemispel, sitkagran og berberis.

Del av helhetlig landskap: Denne eikehagen er samman med fleire sør vendte eikehagar langsmed riksveg 13 viktige habitat for sjeldsynte bladlavar.

Verdivurdering: Hagemarka og beitemarka er prega av attgroing, men det er gjort fleire funn av sjeldsynte artar. Lokaliteten er vurderst som svært viktig (A), men verdiane vil bli redusert ved manglende hevd eller skjøtsel.

Skjøtsel og hensyn: Rydding av kratt (ikkje fløyelsbjørnebær) og fjerning av frammande artar er viktig i heile lokaliteten. I vegskrāninga bør osp, bjørk, selje, furu og alle fremmade artar fjernast og dette må gjerast fleire gonger for at artane skal bli borte. Rundt hyttene er attgroinga særlig sterkt og her kan det med fordel bli rydda mykje. I beitemarka og hagemarka bør alle frammande artar fjernast, beitetrykket bør aukes og kratt og buskar (ikkje fløyelsbjørnebær) bør ryddast manuelt.

**149, Bråsteinvatnet, Rik kulturlandskapssjø (Kalkfattigere utforming) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og av John Inge Johnsen den 02.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar innsjøen Bråsteinvatnet i Sandnes kommune. Innsjøen grenser mot beitemark, dyrka mark, veger og noko skog. Berggrunnen består av migmatittisk gneis og lausmassedekket rundt innsjøen er morene, breelvavstrninger og torv. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemorale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik kulturlandskapssjø med kalkfattigare utforming. Det er generelt lite vasskantvegetasjon langsmed sjøen, men i lune viker står ein del gras- og storvegetasjon, for eksempel noko strandrøyr og takrøyr. I innsjøen er det også registrert stift brasmebras, sylblad, tusenblad, småtjønnaks, butt-tjønnaks og hjertetjønnaks.

Artsmangfold: I bekken i søraust er det tidlegare vorte funne bekkenauge. Det er tidlegare og gjort funn av fleire raudlista planter og alger: mjukt havfruegras (ein), dvergglattkrans (ein), glansglattkrans (NT).

Bruk, tilstand og påvirkning: Innsjøen er påverka av gjødselsig frå jorder og gjødsla beitemarker.

Fremmede artar: Det blei ikkje registrert nokon frammande artar i lokaliteten, men sitkagran er planta heilt ned til stranda i søraust.

Verdivurdering: Lokaliteten er på bakgrunn av fleire funn av sjeldsynte karplantar og alger vurdert som svært viktig (A).

Skjøtsel og hensyn: Forurensing vil øydeleggje verdiane.

**150, Figgjo, Stor elveør (Elveørkratt) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson den 04.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten utgjer ein strekning av elva Figgjo frå bruva ved Møgedalshølen til Europaveg 39. Berggrunnen består av migmatittisk gneis og lausmassedekket består av elveavsetningar og noko torv. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemorale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som stor elveør med utforminga elveørkratt, men er heller eit elveparti med mange små øyer med open flaummark og flaumskogmark. Open flaumfastmark er raudlista som nær trua (NT). Lokaliteten har flaumpåverka skog- og krattvegetasjon samt flaumpåverka open mark. Langsetter bredden av elva og på småøyar i elva veks ask (NT), selje, gråselje (grov), rogn, hegg, øyrevier, gråor, svartor, hassel, spisslønn. Feltsjiktet består av store bregnar og høgstauder som skogburkne, mjordurt, hengjeweng, takrøyr, geittelg og ormetelg. I beita parti veks knappsviv, skogkarse, markjordbær og landøyda og ei svært stor bjørk (dbh 55 cm).

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Artsmangfold: Det er stort potensial for både lav og mosar knytta til flaummarksmiljø.

Bruk, tilstand og påvirkning: Delar av arealet blir beita av gjeit. Det området er nylig rydda for skog og kratt.

Fremmede artar: Det står noko platanlønn, parkslirekne og gran innafor avgrensinga. Lengsmed delar av sørbredda er det planta noko lerk.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten utgjer ein del av elva Figgjo utan store forbygninger der arealet er utsett for eit naturleg flaumregime.

Verdivurdering: Deler av arealet er raudlista som nær trua (open flaumfastmark). Elvebreddene og elveøyre blir flauma regelmessig og har typisk flaumprega vegetasjon. Det er potensial for både mosar og lav. Lokaliteten er vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling.

---

### **151, Todnem, Slätte- og beitemyr - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011. Polygonet erstatter gamal naturtypelokalitet (BN00008265). Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei beitemyr/fukteng som ligg i jordbrukslandskapet ved Soma i Sandnes kommune. Berggrunnen består av glimmergneis og lausmassedekket består av torv og morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensninga omfattar naturtypen slätte- og beitemyr med utforminga beitemyr, men kunne også vere kartlagt som naturbeitemark med utforminga våteng. Hele området er vått og tuva med ein miks av myr- og kulturmarksartar. Det er innslag av noko basekrevjande vegetasjon i store delar av lokaliteten.

Artsmangfold: Beitemyra er artsrik og her blei det funne engkall sp, blåstorr, myrsaulauk, engstorr, ryllsiv, knappsv, blåkoll, ljåblom og blåtopp. Av mosar blei det registrert myrstjernemose, pjsusktjønnmose og sumbroddmose. Området er viktig hekkeområde for vadefugl som vípe, storspove og enkeltbekkasin.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er gjødselpåvirka og blir beita av storfe.

Fremmede artar: Ingen registrerte.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten utgjer eit viktig restområde i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap.

Verdivurdering: Lokaliteten ligg i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap. Det er ei våt beitemyr/naturbeitemark med rikare vegetasjon med mellom anna blåstorr. Den er påvirka av gjødsling og er vurdert som viktig (svak B), men verdiane vil bli redusert om dagens gjødselregime held fram.

Skjøtsel og hensyn: Verdiane vil auke om bruk av gjødsel unngås. Beite med storfe er gunstig.

---

### **152, Vølstadskogen, Gammel barskog (Gammel furuskog) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson 04.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ein gammal furuskog. Skogen veks rett vest for fylkesveg 44 på Vølstadskogen camping i Sandnes kommune. Berggrunnen består av glimmergneis i vest og kalkspatmarmor i aust og lausmassedekket består av morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensninga gjeld naturtypen gammal barskog med utforminga "gammal furuskog", men har også eit sandfuruskog-liknande preg. Furutrea måler 20-50 cm i brysthøde og fleire har store kroner. Det veks mykje bjørk og rogn i busksjiktet samt gran og platanlønn. Noko hassel og kristtorn veks også her. I feltsjiktet dominerer store bregner (skogburkne, broddtelg mfl.) med innslag av blåbær, blåtopp og gaukesyre. Det er generelt lite daud ved i skogen.

Artsmangfold: Ingen sjeldsynte artar blei registrert i skogen. Kattugle blei registrert på nattetid. Biotopen bør undersøkast for markboende sopp.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen veks ved og inne på ein campingplass og skjøttes truleg dels ved fjerning av daude tre og noko rydding.

Fremmede artar: Lokaliteten er sterkt prega av frammande artar (hageplatner) som har blitt planta ved hyttene. Det veks også både sitkagran, vanleg gran og platanlønn i biotopen.

Del av helhetlig landskap: Furuskogen ligg i eit sterkt utnytta jorbrukslandskap.

Verdivurdering: Furuskogen har fleire grove furutre, men lite daud ved. Den utgjer eit viktig restareal i eit sterkt påverka jordbrukslandskap. Furuskogen er vurdert som lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten treng ikkje skjøtsel for å oppretthalde verdiane.

---

### **153, Soma SØ, Naturbeitemark ((D04) Våt/fuktig, middels næringssrik eng) - Verdi B.**

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtyper 2011. Polygonet erstatter gamal naturtypelokalitet (BN00008279). Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei våt eng som ligg i jordbrukslandskapet ved Soma i Sandnes kommune. Berggrunnen består av glimmergneis og lausmassedekket består av torv og morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga omfattar naturtypen naturbeitemark med utforminga våteng i mosaikk med beitemyr og bekkedrag i intensivt drevne jordbrukslandskap. Lengst aust er eit særskilt myrparti med til dels rik flora og litt vest for denne veks ein ung og beita skog med bjørk og mykje ung rogn på ein liten kolle. I sør renn ein smal bekk inn i lokaliteten og i vest er det avgrensa våteng med noko vierkratt. I vierkrattet veks gråselje og ei grov gammal selje med orelav. Hele området er tuva og veldig vått. Det er fleire eroderte områder med vannansamlinger.

Artsmangfold: Beitemyra i aust er mest artsrik og her blei det funne småengkall, blåstorr, grønstorr, krypsiv, ryllsiv, knappsv, gulaks, tepperot, blåkoll, engvein, ljåblom, blåknapp, geitsvingel, myrhatt, klokkeleng, røssleng, knegras, duskull, engfiol, kystengkall (?), tettegras, kornstorr, myrsnelle, grøftesoleie, mannasøtgras og myrtistel. Det er potensial for bustivaks og jærsiv i lokaliteten. Av mosar blei det registrert sumprødmose, som er vanlig i heile landet og narremose som er kystbunden. Området er eit viktig hekkeområde for fugl som vipe, storspove og enkeltbekkas.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir beita av hest.

Fremmede artar: Raudhyll veks i vierkrattet og blankmispel veks i den unge skogen.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten utgjer eit viktig restområdet i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap.

Verdivurdering: Lokaliteten ligg i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap. Det er ei våt naturbeitemark med innslag av beitemyr og rikare vegetasjon med mellom anna blåstorr. Den er vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane blir best ivaretatt ved framhald av beite og ved å unngå gjødsling.

### **154, Soma NØ 1, Annen viktig forekomst - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtyper 2011. Den gamle naturtypeavgrensingen (BN00008275) er sterkt redusert og to små områder er nå avgrensa (denne samt Soma NØ2). Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei grøfta myr som ligg i jordbrukslandskapet ved Soma i Sandnes kommune. Berggrunnen består av glimmergneis og lausmassedekket består av torv. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga omfattar naturtypen "annen viktig forekomst" og består av ei grøfta kystmyr med utforminga jordvassmyr og ein kantskog med ung bjørk. Heile området er vått og tuva med ein miks av helofytter og fattigmyrtartar. I skogen dominerer bjørk tresjiktet og det er fattig vegetasjon i felt- og botnsjikt. Det er mange opne vasspeil i skogen. Den opne myra har fattigartar som torvmyrull og røssleng. Torvmosar dominerer i botnsjiktet.

Artsmangfold: Området er eit viktig hekkeområde for spurvefugl og eit yngleområde forrådyr.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er drenert av grøfter og tidlegare brukt til torvtekt. Store areal er nydyrka etter forrige kartlegging. Det går ei høyspentlinje over torvmyra.

Fremmede artar: Ingen registrerte.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten utgjer eit restområdet i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap.

Verdivurdering: Lokaliteten er påvirkta av grøfting og torvtekt og har relativt små naturverdier per idag. Den ligg imidlertid som ein liten rest av meir opprinneleg natur i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap og fyller ein funksjon, særleg for vilt. Den er vurdert som lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Tetting av grøfter og fri utvikling vil auke naturverdiane i området.

### **155, Soma NA 2, Annen viktig forekomst - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtyper 2011. Den gamle naturtypeavgrensinga (BN00008275) er sterkt redusert og to små områder er nå avgrensa (denne samt Soma NØ1). Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit grøfta parti med myr/sumpskog som ligg i jordbrukslandskapet ved Soma i Sandnes kommune. Berggrunnen består av glimmergneis og lausmassedekket består av torv. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga omfattar naturtypen "annen viktig forekomst" og består av ei grøfta myr/sumpskog ung bjørk. Fattigmyrtartar dominerer i felt- og botnsjiktet. Vanlege artar er blokkebær, krepling, tyttebær, røssleng og broddtelg.

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Artsmangfold: Området er eit viktig hekkeområde for spurvefugl og eit yngleområde for rådyr.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er drenert av grøfter. Tidligare avgrensa areal er sterkt redusert på grunn av sterk drenering, nybygging og nydyrkning

Fremmede artar: Det veks fleire frammande artar i vegkanten i aust.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten utgjer eit restområde i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap.

Verdivurdering: Lokaliteten er sterkt påvirkta av grøfting og har relativt små naturverdiar per idag. Den ligg likevel som ein liten rest av meir opprinneleg natur i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap og fyller ein funksjon, særleg for vilt. Den er difor vurdert som lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Tetting av grøfter og fri utvikling vil auke naturverdiane i området.

---

### **156, Bærheimsnuten V, Hagemark (Eikehage) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og av John Inge Johnsen den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei hagemark som ligg i ein sørrendt skråning ned mot ein golfbane ved Stokkahei i Sandnes kommune. Eikehagen grenser til ein eikeskog i aust, dyrka mark i nord og golfbanen i sør. Berggrunnen består av glimmergneis og lausmassedekket består av morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoreale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypa hagemark med utforminga "eikehage". Eiketrea måler 20-60 cm i brysthøde og fleire av dei grovaste trea har breie kroner. Det veks noko ung hassel, bjørk, rogn og eple i hagemarka. Feltsjiktet er grasdominert med mykje engkvein og raudsvingel, men her veks også vassarve, vanleg arve, tepperot, smyle og noko lækjeveronika.

Artsmangfold: Glatt potetrotøksopp veks ved basis av eiketre. Ingen sjeldsynte artar blei registrert i hagemarka, men nokre sjeldsynte lav blei registrert i hagemarka rett aust for denne lokaliteten.

Bruk, tilstand og påvirkning: Hagemarka gror att med buskar, men har stadvis for hardt beitettrykk (tråkkskadar). Marka er noko gjødsla. Fremmede artar: Det blei ikkje registrert frammande artar i lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Eikehagen må sjåast i samanheng med eikeskogen og eikehagan aust for lokaliteten.

Verdivurdering: Hagemarka har fleire grove eiketre og er framleis i hevd. Den ligg som ein liten restlokalitet i eit sterkt utnytta jordbruksområde. Det er potensial for sjeldsynte oseaniske lav. Lokaliteten er difor vurdert som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Hagemarka er tett og mørk og rydding av buskar og yngre tre vil auke verdiane. Held fram med beite, men unngå sterkt beitettrykk i våte periodar. Ikke fjern daude tre eller greiner. Gjødsling av marka reduserer verdiane.

---

### **157, Bærheimsnuten, Gammel fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Polygonet erstatter gamal naturtypelokalitet (BN00008278). Den gamle avgrensninga stammar fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ein gammal eikeskog. Skogen står i ein sørrendt skråning ned mot ein golfbane ved Stokkahei i Sandnes kommune. Eikeskogen ligg mellom to eikehagar. Berggrunnen består av glimmergneis og lausmassedekket består av morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoreale vegetasjonssona.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal fattig edellauvskog med utforminga "eikeskog". Eiketrea måler 20-60 cm i brysthøde og fleire av dei grovaste trea har store kroner. Det veks noko hassel og bjørk i skogen og noko vivendel på berget. Storfrytle dominerer feltsjiktet, men her veks også tepperot, hårfritle, gaukesyre, skogfiol, geittelg, sisselrot, smyle, og noko lækjeveronika.

Artsmangfold: Ingen sjeldsynte artar blei registrert i skogen, men nokre sjeldsynte lav blei registrert i hagemarka rett aust for eikeskogen.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er utsett for eit svakt beitettrykk. Det ligg stedvis mykje daud ved av eik og bjørk i skogen,

Fremmede artar: Det blei ikkje registrert frammande artar i lokaliteten, men i kanten mot golfbanen står noko parkslirekne.

Del av helhetlig landskap: Eikeskogen må sjåast i samanheng med eikehagane vest og aust for lokaliteten.

Verdivurdering: Edellauvskogen har nokon grove eiketre, ein god del daud ved og potensial for sjeldsynte lav. Den utgjer eit viktig restareal i eit sterkt påvirket jordbrukslandskap. Eikeskogen vurderast som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten treng ikkje skjøtsel for å oppretthalde verdiane.

---

### **158, Bærheimsnuten A, Hagemark (Eikehage) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og av John Inge Johnsen den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

---

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten omfattar ei hagemark som ligg i ein sørvendt skråning ned mot ein golfbane ved Stokkaheia i Sandnes kommune. Eikehagen grensar til ein eikeskog i vest, dørtrekt gjødslet beitei nord og aust og golfbanen i sør. Berggrunnen består av glimmergneis og lausmassedekket består av morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Avgrensinga gjeld naturtypen hagemark med utforminga "eikehage". Eiketrea måler 20-60 cm i brythøgde og fleire av dei grovaste trea har breie kroner. Det veks noko ung hassel og bjørk i hagemarka. Feltsjiktet er grasdominert med mykje engkvein og raudsvingel, men her veks òg noko revebjelle.

**Artsmangfold:** På grov eik blei orelav, grå punktlav (EN) og truleg liten praktkrinslav (VU) registrert.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Hagemarka gror att med buskar, men har stadvis for hardt beitetrykk (träkkskadar). Marka er noko gjøsla. Fremmede artar: Det blei ikkje registrert frammande artar i lokaliteten.

**Del av helhetlig landskap:** Eikehagen må sjåast i samanheng med eikeskogen og eikehagan aust for lokaliteten.

**Verdivurdering:** Hagemarka har fleire grove eiketre og er framleis i hevd. Den ligg som ein liten restlokalitet i eit sterkt utnytta jordbruksområde. Det er funn av to høgt raudlista oseaniske lav. Lokaliteten er difor vurdert som svært viktig (A).

**Skjøtsel og hensyn:** Delar av hagemarka er tett og mørk og rydding av buskar og yngre tre vil auke verdiane. Held fram med beite, men unngå sterkt beitetrykk i våte periodar. Ikke fjern daude tre eller greiner. Gjødsling av marka reduserer verdiane.

### **159, Stokkaheia, Annen viktig forekomst - Verdi C.**

**Innledning:** Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson og John Inge Johnsen den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtyper 2011. Polygonet erstatter gamal naturtypelokalitet (BN00008283). Den gamle avgrensningen stammer fra kartlegging utført av Ambio v/Toralf Tysse i 2000.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten omfattar ei våteng som ligg i jordbrukslandskapet aust for Stokkaheia i Sandnes kommune. Berggrunnen består av glimmergneis og lausmassedekket består av torv og morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Avgrensninga omfattar naturtypen annen viktig førekomst i kulturlandskapet, men kunne muligens vere kartlagt som naturbeitemark med utforminga våteng. Heile området er vått og tuva med høgstauder. Delar er attgrodd med skog og kratt. Vanlege artar i biotopen er sølvbunke, vendelrot, hundekjeks, lodnegras, engsoleie, mjødurt og myrtistel. Landøyda, gulflatbelg, glattmarikåpe, bukkeblad, myrhatt og myrsnelle veks òg i våtenga. I busk- og tresjikt veks krypvier, øyrevier, rogn, selje og bjørk.

**Artsmangfold:** Området er hekkeområde for fugl som vipe, storspove og enkeltbekkasin.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Lokaliteten er særslig attgrodd.

**Fremmede artar:** Ingen registrerte.

**Del av helhetlig landskap:** Lokaliteten utgjer eit viktig restområdet i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap.

**Verdivurdering:** Lokaliteten ligg i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap. Det er ei våteng der vipe, storspove og enkeltbekkasin har hekka. Den er difor vurdert som lokalt viktig (C).

**Skjøtsel og hensyn:** Naturverdiane vil auke med beite, slått og rydding av noko kratt.

### **160, Kjørkjeholen, Rik edellauvskog (Or-askeskog) - Verdi C.**

**Innledning:** Lokaliteten er kjapt befart av BioFokus ved Ulrika Jansson den 03.10.2012 i samband med naturtypekartlegging i Sandnes kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtyper 2011.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten omfattar ein liten or-askeskog i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap ved Kjørkjeholen i Sandnes kommune. Berggrunnen består av glimmergneis og lausmassedekket består av morene. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og i den boreonemoriale vegetasjonssona.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Avgrensinga gjeld naturtypen rik edellauvskog med utforminga or-askeskog. Tresjiktet utgjeres av svartor, platanlønn og selje. I busksjiktet veks mykje stikkelsbær. I feltsjiktet store bregner, men med noko innslag av urtar.

**Artsmangfold:** Ingen sjeldsynte artar blei registrert i skogen, men området er viktig for vilt.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Det finst noko gadd, men det er generelt lite daud ved i biotopen. Skogen er drenert i delar og er prega av attgroing.

**Fremmede artar:** Stikkelsbær og platanlønn er vanlege i biotopen.

**Del av helhetlig landskap:** Lokaliteten utgjer ein liten rest av meir naturleg skog i eit sterkt utnytta jordbrukslandskap.

**Verdivurdering:** Lokaliteten er liten og påverka. Biotopen utgjer ein liten restlokalitet med meir naturleg vegetasjon og er difor vurdert som lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Fjerning av frammande artar vil auke verdiane. Unngå fortsatt drenering eller fylling.

**162, Helhei NV (V for Folkvord), Naturbeitemark - Verdi A.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 3.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar dei tre gamle naturtypelokalitetane BN00008267 Folkvord M, BN00008268 Folkvord S, og BN00008269 Folkvord, innlagd i Naturbase i 2001 (kartlagt av Toralf Tysse, Ambio, 2000).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Folkvord, og består av eit større parti svakt småkupert naturbeitemark hellande mot nord-nordvest, omgitt av sterkt påvirka/gjødsla beitemark/kunstmark, nyleg oppdyrka/utgrøfta/oppgjødsla kunstmark (aust-nordaust), skrotemark med store haugar av opplagra masse dels i form av avskrapa torvjord (nordaust), sitkaplantasjer (sørvest) og mot vei og steingjerde i sør-søraust. Heile området er lite gjødsla eller uggjødsla naturbeitemark i svak til (mindre parti) god hevd. Terrengeoverflata er slakt bølgende og noko ujamn, relativt variert, med avrunda ryggar, hellingar, og flate parti i botn av grunne forsenkninger. Spreidde, stadvis mange, små og mellomstore steinblokker vitnar om at området har vore lite utsett for marberedning. Berggrunn: diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, men med små felt av amphibolitt og kalkspatmarmor omkring (NGU 2013), men tjukk torvjord ligg over. Bioklima-region: boreonemoral – klar/sterkt oseanisk (BN-O2/O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Vegetasjonstypene varierer etter terren og markfuktighet, og er samla sett varierte. Dei tørreste ryggane har frisk fattigeng med mykje gras, men det er fattig til svakt baserik fukteng og våteng på vát torvjord som dominerer, og vegetasjonen har mykje til felles med grunn myr. Tuete mark med kanskje konstant vassmetta sigevassjord og kjeldepreg er vanleg i hellingane, særlig ned mot dei grunne forsenkningsene. I desse er det våteng/"myreng" på gammal myrmark. Generelt er det mykje tett og stadvis høgt gras, som følgje av for lågt beitetrykk. I sør og nord er det vát sump- og myrparti. I sør møtest to gamle grøfter med bekk, langs desse er det vát sumpmark og vasshol med tettbestand av dikeminneblom. I nord er også delar av ei gammal myr inkludert. Langs eit lite bekdedrag her er det vát, tuvete sumpmark og kjeldemark, med glissen bjørkeskog og vierkjerr, relativt mykje tråkkpåvirka av sau og/eller storfe. Mykje av det som er markert som "myr" på kart er elles utgrøfta og gjødsla beitemark no, og biologisk uinteressant.

Artsmangfold: Karplantefloraen er variert og artsrik, med mange typiske artar for Låg-Jærens gamle fukt- og våteng-beitemarker, og her er sikkert potensial for meir sjeldsynte artar enn det som hittil er påvist (karplantefloraen er dårleg utvikla så sent som oktober). Her er m.a. påvist myrsnelle, elvesnelle, myrtistel, vendelrot, blåknapp, kystmyrklegg, klokkeling, røsslyng, tepperot, myrhatt, groftesoleie, vill-lin, dikeminneblom (i vát sump), myrsauløk, smalkjempe, rome, kornstarr, slåttestarr, ryllsiv, heisiv, lyssiv, knappsvingel, englodnegras, finnskjegg, blåtopp. Området har sikkert stor verdi også for fugl.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området har vore beitemark i utvilsomt svært lang tid. Det meste av området har i dag noko svak hevd (for lågt beitetrykk), og ber preg av svak gjengroing med mykje tett gras, sjølv om dette enno ikkje har gått nemneverdig ut over naturverdiane. På vát sumpmark i nord er det derimot noko tråkkskade/slitasje av beitedyr. I sør er det to gamle grøfter. Det er lite negativ effekt av desse, men det er mykje myrtistel på bekostning av andre artar langs grøftene. Nyare inngrep i form av grøfting, oppgravning og gjødsling har truleg redusert arealet med verdifull beitemark på lokaliteten ein god del i seinare år, og kantområda både mot nordaust og nord er svakt påverka av nyare gjødsling. For øvrig viser ØK-kart ei rekke R-symbol for fornminner i området.

Fremmede arter: Spreidde småplanter av sitka finst, desse er truleg spontant etablert frå det store sitkafeltet på sørvestsida.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Lokaliteten er eit relativt stort område med i hovudsak intakt, lite/ikkje gjødsla gammal naturbeitemark, som i tillegg er topografisk og vegetasjonsmessig variert, og med artsrik karplanteflora (med potensial for sjeldsynte våt-/fuktengartar) og utvilsomt er viktig for fugl. Slike miljø er sjeldsynte og sterkt truga på Jæren som følge av intensivert landbruk. Lokaliteten vurderast ut frå dette som svært viktig (verdi A).

Skjøtsel og hensyn: Beite. Beitetrykket er for lågt på store deler av området, og bør aukast (men ikkje i nord). Ein bør likevel vere oppmerksam på at beitetrykket ikkje blir så stort at det blir store tråkkskader på blaut mark. Gjødsling og jordbearbeiding, og flytting av masser og andre terrennginngrep, må unngås. Det vil vere positivt om dei to gamle grøftene i sør tettast igjen (men dette er ikkje svært viktig).

**163, Årvoll SØ, Naturbeitemark - Verdi C.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 3.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar gammal naturtypelokalitet BN00008266 Årvoll, innlagd i Naturbase i 2001 (dåverande avgrensning var mykje større, og truleg har det vore ein reell sterk arealreduksjon som følge av påvirkning og inngrep i seinare år).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sørøst for Årvoll, og består av delar av ei flat forsenkning med naturbeitemark på myrmark, omgitt av sterkt påvirka/gjødsla beitemark og grasproduksjon/kunstmark. Berggrunn: diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, men med små felt av amphibolitt og kalkspatmarmor omkring (NGU 2013), men tjukk torvjord ligg over. Bioklima-region: boreonemoral – klar/sterkt oseanisk (BN-O2/O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Vegetasjonstypen er beita og tuvete fukt- og våteng på vát torvjord/myrjord, og er nokså einsarta. Den er grasdominert, og med spreidde småbjørk. Truleg er arealet noko gjødselpåverka frå kantane.

Artsmangfold: Lite undersøkt. Karplantefloraen synest å bestå av typiske artar for vegetasjonstypen, men verkar ikkje særskilt artsrik eller variert. Området har truleg viktig funksjon for fugl, sjølv om arealet er begrensaa.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området er beitemark for sau og har sikkert vore det i lang tid. Beitetrykket verkar passe sterkt. Det verkar som området er noko gjødselpåverka, dels gjennom avrenning frå kantane, kanskje dels også gjennom aktiv spreiling inn i området.

Fremmede arter: Ingen påvist.

Del av helhetlig landskap:

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Verdivurdering: Lokaliteten er eit mindre parti naturbeitemark på våt myrmark, og sjølv om det er noko gjødselpåverknad og framstår som eit restareal, har det kvalitetar, ikkje minst fordi slike miljø er sjeldsynte og sterkt truga på Jæren som følgje av intensivert landbruk. Lokaliteten vurderast ut frå dette som lokalt viktig (verdi C).

Skjøtsel og hensyn: Beite på neverande nivå. Ein bør vere oppmerksom på at beitetrykket ikkje blir så stort at det blir store tråkkskader på blaut mark. Gjødsling og jordbearbeiding, og flytting av masser og andre terrengeinngrep, må unngås.

### **164, Malmeim NØ, Naturbeitemark - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 3.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar gammal naturtypelokalitet BN00008270 Malmheim, innlagd i Naturbase i 2001 (avgrensning nær identisk), (kartlagt av Toralf Tysse Ambio, 2000).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordaust for Malmeim, vest for Folkvord, og består av eit slakt, jamnt nordvendt hellande parti naturbeitemark, omgitt av fulldyrka kunsteng og beitemark på sidene (avgrensa med steingjerder) og mot nord, og mot sitkagranplantasje i sør. Berggrunn: diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, men med små felt av amfibolitt og kalkspatmarmor omkring (NGU 2013), men tjukk torvjord ligg over. Bioklima-region: boreonemoral – klar/sterkt oseanisk (BN-O2/O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Marka har gammal beitemark i form av steinete, svakt til markert baserik fukt- og dels våteng av typisk "jær-utforming". Vegetasjonen av fellestrek med intermediær- til rikmyr. Vegetasjonen er lågvekst og godt avbeita.

Artsmangfold: Karplantefloraen er variert og artsrik, med mange typiske artar for Låg-Jærens gamle fukt- og våteng-beitemarker, og her er sikkert potensial for meir sjeldsynte artar enn det som hittil er påvist (karplantefloraen er dårleg utvikla så sent som oktober). Påvist er m.a. blåknapp, myrtistel, tettegras, sumpkarse, klokkeling, kystmyrklegg, myrsauløk, vill-lin, rome, ryllsiv, knapsiv, duskull, kornstarr, hjertegras, geitsvingel, blåtopp, englodnegras, tidlegare er påvist m.a. kvitmaure, blåstarr, jáblom, loppestarr, tvebustarr og engstarr.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området har vore beitemark i utvilsomt lang tid, og beitetrykket synest å vere passande på dagens nivå. Mot nord er det nyleg gjort inngrep i form av markbearbeiding og gjødsling.

Fremmede arter: Ingen påvist, men stor fare for spontanetablering av sitka frå det store feltet i sør.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Lokaliteten er eit mindre, men verdifullt område med i hovudsak intakt, lite/ikkje gjødsla gammal naturbeitemark, som er til dels basert og med artsrik artsrik karplanteflora, og truleg også viktig for fugl. Slike miljø er sjeldsynte og sterkt truga på Jæren som følgje av intensivert landbruk. Lokaliteten vurderast ut frå dette som viktig (verdi A).

Skjøtsel og hensyn: Beite på neverande nivå/beitetrykk. Ein bør vere oppmerksom på at beitetrykket ikkje blir så stort at det blir store tråkkskader på blaut mark. Gjødsling og jordbearbeiding, og flytting av masser og andre terrengeinngrep, må unngås.

### **165, Vassfjellet NV, Gammel lauvskog (Fuktig kystsentrisk) - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 2.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sørøst for Stronda, og består av ei nord- til nordvestvendt liside opp mot Vassfjellet, avgrensa av skrinn skog i oppkant, kraftlinje/opnare skog i nedkant og granplantefelt mot aust. Berggrunn: augegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: sørboreal/boreonemoral – sterkt oseanisk (SB/BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lia har fattig bjørkedominert lauvskog med noko eik og osp i tillegg. Vegetasjonstypen er mest blåbærskog. Skogen er steinete, stadvis med små opne blokkfelt. Skogen er mest middelaldrande, med tre av små til moderate dimensjonar, men det finst også innslag av nokså gammal bjørk og einskilde grøvre eik i nedkant mot kraftlinja.

Artsmangfold: Skogen er humid, og har fleire råmekrevjande mosar og lav på berg og tre typiske for oseanisk kystsentrisk (regnskogselementet). På Stein og berg finst mange av dei vanlege oseaniske og suboseaniske mosane, men meir krevjande artar vart ikkje funne. Av lav finst den ganske vanlege gammalgranolav (Lecanactis abietina) spreidd på bjørk, medan dei meir krevjande regnskogsartane kystkorall-lav (Bunodophoron melanocarpum) på berg, og kystorelav (Hypotrichyna afrorevoluta), liten praktkrinslav (Parmotrema chinense) og ringstry (Usnea flammea) på bjørk.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lia har eldre skog som ikkje er påvirka i nyare tid, men har sikkert vorte utnyttja til beite tidlegare.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Lia har eldre lauvskog med stabilt humid lokalklima, og kan klassifiserast som kjøleg boreonemoral-sørboreal regnskog, og er vekselstad for fleire nokså typiske og uvanlege lavartar typiske for slik skog (inkl. 3 raudlistearter iht. 2010-lista (1 VU, 2 NT)) – sjølv om området ikkje kan seiast å vere spesielt godt utvikla slik skog. Lokaliteten er vurdert som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane.

### **166, Dyrnesoddan, Gammel lauvskog (Fuktig kystsentrisk) - Verdi C.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 2.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging. På Artskart (2013) ligger en del funn av vanlige moser og karplanter gjort av Harald Løvbrekke 16.1.2010.

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett aust for tettbebygginga på Stronda, og består av ei lita nordvendt helling på nordsida av Dyrnesodden, avgrensa mot sjøen i nedkant, skrinn berglendt skog i oppkant, og pågående boligbyggfelt mot aust. Berggrunn: augegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lia har steinete/grovsteinet fattig små- og storbregneskog (og små fattigare blåbærparti) dominert av bjørk, samt med ein del rogn og osp. Skogen er middelaldrande til eldre, men er ikkje særskilt gammal.

Artsmangfold: Artsmangfaldet er ikkje spesielt rikt, men nokre få litt interessante oseaniske kryptogamar er sett: kystvrente (Nephroma laevigatum), liten praktkrinslav (Parmotrema chinense). Av karplanter finst bergflette krypande på trestammene.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eldre skog som ikkje er større påvirka i nyare tid, men det er noko spor av ferdsel/tråkk, og fleire fuglekasser er sett opp. I aust grensar lokaliteten skarpt mot heilt nyleg opparbeidde bustadomter, og truleg har det vore liknande skog der.

Fremmede arter: Platanlønn, raudhyll.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Her er eldre, stabilt humid kystskskog, best utvikla i aust, men arealet er lite, skogtypen ikkje spesielt godt utvikla, og arts mangfaldet nokså fattig (men med 1 VU-art ihht. 2010-raudlista). Området er vurdert difor som lokalt viktig (verdi C).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane. Utvida boligbygging er ein klar trussel.

---

### **167, Dalsnuten SV, Gammel fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi A.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 1.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar gammal naturtypekompleks BN00008255 Dale, innlagd i Naturbase i 2001 (kartlagt av Toralf Tysse, Ambio, 2000). Artsfunn på Artskart (2013) 2007–2013 av ei rekke vanlege edderkoppdyr (Harald Løvbrekke), tovinger (Arjen Leendertse), fugl, og nokre karplantar (John Inge Johnsen).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Dale og Stronda, og består av nedre del av den ca 1,4 km lange vestvendte lisida mellom Gandsfjorden og Dalsnuten, avgrensa mot sjøen i nedkant og skrinn, open skog i oppkant, og mot tettbebyggelse og tørrare skog i sør, og mot hagemarksskog og anna type skog i nord. Berggrunn: øyegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lia dekkjast av eikedominert lauvskog med ein god del bjørk, sparsamt osp, og i fuktige sørkvarter (nokre stader svartorskog). Terrenget er småkupert, og terrenget vekslar mellom jamne hellingar, små flate platå, opplente ryggar, og bekkedalar og forsenkninger. Nesten heile lia dekkast av mer eller mindre fattig, ofte steinete, blåbærskog, med mindre felt intermediærmark på flatare parti med betre jordmonn. Heilt i nord finst så vidt lind i steinete rasmark. Skogen er kompakt og godt slutta, eldre til halvgammal. Dels er det godt innslag av halvgrove eiketre opp mot 40-50 cm diameter, medan andre stader har meir smådimensjonert skog. Nokre av eiketrea har små hule og daude parti. Det er også ein god del nokså gammal (men ikkje grov) bjørk. Spreidde tynne eikegadd og bjørkegadd finst, medan det er svært lite liggende daud ved.

Artsmangfold: Skogen har gunstig lokalklima med både gode temperaturtilhøve og høg lufråme, og har eit rikt arts mangfold av kryptogamar, inkludert sjeldsynte og krevjande regnskogsartar. På trestammar veks interessante fattigbarks-lav spreidd til ganske vanleg, med ganske mykle eikelav (Flavoparmelia caperata), orelav (Hypotrichyna revoluta), muslinglav (Normandina pulchella), liten praktkrinslav (Parmotrema chinense) og ringstry (Usnea flammula), og den sjeldsynte hárkrinslav (Parmotrema crinitum) ganske rikeleg på flere nærliggande eiketre ein stad. Av skorpelar er påvist m.a. dei nokså vanlege vinflekklav (Arthonia vinoso) og gammalgranlav (Lecanactis abietina), og den nokså sjeldsynte Pachyphiale carneola. På stein finst m.a. kyststry (Usnea fragilis). Av mosar er forebels ikkje påvist særskilt sjeldsynte artar, men lia har eit bra utval av dei vanlege oseaniske-suboseaniske artane knytt til slik skog, særleg ved basis av berg og steinblokker, med småhinnemose (Plagiochila punctata) som mest interessante funn forebels. Det er klart potensial for flere funn av interessante og raudlista lav og mosar. Sopp er dårleg undersøkt, men potensialet for spesielle/sjeldsynte artar vurderast som begrensa. Av vedsopp er påvist berre ganske vanlege artar, som dvergaffel (Calocera cornea), kameleonskinn (Ceraceomyces serpens), dunfrynseskinn (Phanerochaete velutina), sagporesopp (Schizopora radula) (ikkje tidlegare påvist i Rogaland, men truleg oversett), eikelærersopp (Stereum gausapatum). Karplantefloraen er fattig. Hinnebregne er tidlegare funnen i nordvest. Vivendel er ganske vanleg i eikeskogen. Av dyr er det påvist m.a. ei rad edderkoppdyr og tovingar, men ingen raudlisteartar, medan det av fugl fleire gonger er sett interessante artar som gråspett, dvergspett og bøksanger. Fakta-arka for gamle naturtyper nemner også nokre sjeldsynte sommarfuglar, men desse er knytt til open lynghei og er truleg heller funne inne på Dalsnuten-heia.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lia har eldre skog som ikkje er påvirka av hogst i nyare tid. Hovudvegen til Dale går gjennom lia i nedre del. Området er eit mykle brukturområde med ein langsgående oppmerka tursti. Den gamle husmannsplassen Holmavika ligg i søre delen (opnning i skogen, fleire gamle hustufter). I dalsøkket heilt i nord er det traktorveg nordaustover til hagemarksskogen sør for Dale.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Dette er eit ganske stort og velavgrensa område med hovudsakleg intakt, eldre til nokså gammal eikeskog, som er godt utvikla varmekjær boreonemoral regnskog, med eit rikt og interessant arts mangfold av i første rekke lav (inkl. 6 raudlistearter ihht. 2010-raudlista (1 EN, 3 VU, 2 NT). Området er truleg eit av dei mest intakte og verdifulle eikeskogsområdet i Jærdistriktet, har store naturverdier, og vurderast som svært viktig (verdi A).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane.

---

### **168, Dalsnuten N, Gammel lauvskog (Fuktig kystskskog) - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 1.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar gammal naturtypekompleks BN00008292 Dalsnuten N, innlagd i Naturbase i 2001 (kartlagt av Toralf Tysse, Ambio, 2000). Artsfunn på Artskart (2013) frå 1993 av John Inge Johnsen.

---

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sørøst for Dale, og består av den bratte nordvendte lisida opp mot Dalsnuten, avgrensa mot skrinn og torr skog og berg i oppkant og yngre skog og granplantefelt i nedkant. Berggrunn: øyegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: sørboreal/boreonemoral – sterkt oseanisk (SB/BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Terrenget i lia er ujamnt, og lia er noko oppiven av grunne søkk og små skrentar, og med mykje små bergveggjar. Lia dekkast av fattig, steinete lauvskog med mest bjørk, noko osp, og mindre innslag av eik og rogn. I øvre del er eit mindre ospeholt. Skogen er middelaldrande til halvgammal, med tre mest av mindre til moderate dimensjonar, men det finst også innslag av halvgrov og dels gammal bjørk og nokre få litt grøvre eik.

Artsmangfold: Skogen er svært humid, og har fleire typiske regnskogsartar av lav og mosar på berg og trestammar – sjølv om meir krevjande og sjeldsynte artar berre finst i små mengder. Av mosar på berg kan nemnast pelsåtemose (*Campylopus atrovirens*), vengemose (*Douinia ovata*), småhinnemose (*Plagiochila punctata*), kystvibladmose (*Scapania gracilis*). På bjørk (og så vidt på andre treslag) finst rikeleg orelav (*Hypotrichyna revoluta*), samt eikelav (*Flavoparmelia caperata*), grå buktkrinslav (*Hypotrichyna laevigata*), gammalgranlav (*Lecanactis abietina*), muslinglav (*Normandina pulchella*), liten praktkrinslav (*Parmotrema chinense*), urlav (*Thelotrema lepadinum*), ringstry (*Usnea flammea*) og kyststry (*Usnea fragilescens*), og på berg kystkorall-lav (*Bunodophoron melanocarpum*). Det er sikkert meir å finne av interessante artar ved nøyare leiting, særlig av skorpelav og mosar. På osp vart stor ospeildkjukje (*Phellinus populincola*) funnen. Fakta-arkrapporten for naturtyper frå 2001 nemner også truleg hekking av hubro.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lia har eldre skog som ikkje er påvirkta i nyare tid, men har sikkert vorte utnyttja til beite tidlegare.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Lia har eldre lauvskog som er relativt godt utvikla kjøleg boreonemoral-sørboreal regnskog, med fleire typiske regnskogsartar, og 6 raudlisteartar ihht. 2010-raudlista (1 EN, 2 VU, 3 NT), og vurderast som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane.

### **169, Dale S, Hagemark (Eikehage) - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 1.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar gammal naturtypelokalitet BN00008254 Dale sykehus, innlagd i Naturbase i 2001 (kartlagt av Toralf Tysse, Ambio, 2000).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for sjukehusområdet på Dale, og består av et slakt nordvendt hellande terrenget med eike-hagemark og eike-parkskog, i mosaik med små vegar og turstiar. Lokaliteten grensar mot bebyggelse og dei store bygningane sør på sjukehusområdet i nord, kulturmork og granplantefelt i nordaust, og eldre bjørkeskog i sør og sørvest. Berggrunn: øyegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Her er dels godt slutta park-eikeskog, dels slutta beite-eikeskog, dels åpen hagemarks-eikeskog. Forutan eik inngår sparsamt andre lauvtre. Mange av eiketrea er grove (ofte 70-75 cm diameter) og nokså gamle, men verkeleg gamle tre med hule parti og mykje grove, daude greiner manglar. Nokre få eikegadd finst. Det mest interessante partiet står i sørvest, hvor det er open hagemarksskog med fattig graseng på opne felt mellom trea, og fleire større steinblokker. Fleire gamle steinmurar finst rundt omkring.

Artsmangfold: Artsmangfaldet er ikkje særskilt godt undersøkt. På fleire av trea er det sett eikelav (*Flavoparmelia caperata*) og liten praktkrinslav (*Parmotrema chinense*), og det er potensial for fleire sjeldsynte og raudlista artar både av lav og mosar. Kanskje er det også potensial for interessante beitemarkssopp, men ingen slike er hittil påvist. Karplantefloraen verkar fattig og ordinær.

Bruk, tilstand og påvirkning: Delar av området utnyttjast til beite (særleg i sør), men beitetrykket er noko for lågt. Heile området er nærturområde for Dale, og rekreasjonsplass for beboarar i Dale-området. Det er fleire mindre vegar/traktorvegar i området. Ei telemast står på kollen heilt i sørvest. I øst (rett utafor lokaliteten) er det nyleg bygd vannbasseng-bygning.

Fremmede arter: Ingen registrert innafor avgrensinga, men fleire framande treslag finst i nærområdet.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Fin eikehage og park-eikeskog med grove tre, og med tilhøyrande arts Mangfold og potensial for fleire sjeldsynte og raudlista artar. Førebels er påvist to raudlisteartar ihht. 2010-raudlista (1 VU, 1 NT).

Skjøtsel og hensyn: Området bør beitast, og beitetrykket bør aukast. Dei store trea må ikkje hoggast, men det kan med fordel tynnast noko i form av hogst av yngre og middelaldrande tre, for å framelska grovdimensjonert eik som står halvvæpent.

### **170, Sandvika V for Li, Naturbeitemark - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 2.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg eit stykkje NV for Hommersåk, vest for garden Li i Sandvika, og består av eit parti slakt vestvendt hellande naturbeitemark på sand, avgrensa av sjøen i vest, lauvskog i sør, kunstmark mot aust og torr skog mot nord. Berggrunn: øyegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013), men sandjord ligg over. Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Dette er naturbeitemark i form av godt arbeita frisk-fuktig fattigeng, som verkar å vere lite/ikkje gjødsla. Spreidde steinblokker finst. Det er noko småbjørk og elner i kantane.

Artsmangfold: Karplantefloraen verkar triviell (men vanskeleg å kartlegga i oktober). Kystmaure vart sett. Mykje engkransmose (*Rhytidiodelphus squarrosus*). Det var ikkje sopp å finne, men området har klart potensial for interessante beitemarkssopp. På Artkart (2013) ligg funn av trollnype frå 1987 frå "Sandviga", men koordinatprisjonen er grov og det er usikkert kvar i Sandvika-området funnet er gjort.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området har vore beitemark lenge, og beitetrykket synest å vere passande på dagens nivå.

Fremmede arter: Ingen påvist.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Lokaliteten er godt avbeita naturbeitemark på sandjord som truleg er ikkje eller berre lite gjødsla, og er såleis eit viktig område. Det er førebels ikkje påvist spesielle/interessante artar, men potensial for slike finst. Lokaliteten er vurdert som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Beite på noverande nivå/beitetrykk. Gjødsling og jordbearbeiding, og flytting av masser og andre terrengrinngrep, må unngås.

---

**171, Lifjellet NV, Gammel lauvskog (Fuktig kystskskog) - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 2.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging. Artsfunn på Artskart (2013) 1987, 1996, 2009 (sjå under).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg eit stykkje VNV for Hommersåk, og består av nord- til vestvendte ganske bratte, småkuperte dalsokk ned mot ei lita bukt i Gandsfjorden under Lifjellet, avgrensa mot skrinnare/tørrare skog på sør- og vestsida og ung kultur-furuskog og sitkoplantasjer på nordsida. Berggrunn: augegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Området dekkjast av storsteina fattig bjørkeskog, langs bekkebråg med sparsamt innslag av svakt rikare mark med nokre småvekste ask og hassel. Skogen er eldre til middelaldrande, med mest tre av moderat alder og dimensjonar, men nokre halvgamle bjørk finst også.

Artsmangfold: Artsmangfaldet er nokså dårlig undersøkt. Skogen er fuktig, og har brukbart potensial for råmekrevjande kryptogamar (særlig av mosar og skorpelav, makrolavfloraen er fattig), men truleg ikkje med særlig stort potensial for sjeldsynte artar. På berg er sett m.a. pelssåtemose (Campylopus atrorvirens) og kystkorall-lav (Bunodophoron melanocarpum). Karplantefloraen er fattig, men ein god del krisstorn og vivendel finst i nedre del av dalen. På Artskart (2013) ligg det også inne funn av mange vanlege mosar og karplanter frå 2009, funn av raggetelg frå 1987 på "Einerneset" (dette kan vere utafør eller innafor lokaliteten), og EN-arten trollnype frå 1996 "sør for Sandvika" (presisjon 71m, reknast her som innafor avgrensa lokalitet, men bør sjekkast nærmere opp).

Bruk, tilstand og påvirkning: Eldre skog som er upåvirka i nyare tid. Ein sti kryssar dalen i nedre del.

Fremmede arter: Ingen registrert, men stor fare for spreying fra sitka-felta på nordsida.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Her er fuktig bjørkeskog ned mot fjorden med gunstig lokalklima og tendensar til kjøleg boreonemoral regnskog, men artsrangfaldet verkar å vere ganske fattig, og skogtypen er ikkje godt utvikla. 3 raudlistearter ihht. 2010-raudlista er påvist (1 EN, 1 NT, 1 DD). Som følgje av EN-arten trollnype blir verdien sett til viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane.

---

**172, Lifjellet NA, Gammel lauvskog (Fuktig kystskskog) - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 2.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg eit stykkje VNV for Hommersåk, og består av eit mindre skogparti i den nordaustvendte humide lia under Lifjellet, avgrensa mot ordinær steinete bjørkeskog på sør- og vestsida, og granplantefelt i nedkant. Området ligg nær inntil hyttefelt på nordaust- og austsida. Berggrunn: augegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lia har ganske ordinær, humid, fattig til intermediær, middelaldrande bjørkeskog på noko fuktig-våt mark. Trear er mest av ganske små dimensjonar, men det finst og nokre eldre og litt grovere tre.

Artsmangfold: Artsmangfaldet er jamnt over fattig, men på bjørk finst den sjeldsynte kystskskoddelen (Menegazzia subsimilis), som er bakgrunnen for at området er avgrensa som naturtypelokalitet.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eldre skog som er upåvirka i nyare tid, men ein del ferdsel skjer i skogen frå hyttene.

Fremmede arter: Ingen registrert, men stor fare for spreying fra granfelta på nordsida.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Området har humid bjørkeskog som i seg sjølv er ganske ordinær og slik sett ikkje naturtypelokalitet, men som følgje av førekomst av den sjeldsynte regnskogsarten kystskskoddelen er vurdert området som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane.

---

**173, Li skog, Rik edellauvskog (Lågurt-eikeskog) - Verdi A.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 3.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar gammal naturtypelokalitet BN00008252 Li, innlagd i Naturbase i 2001 (kartlagt av Toralf Tysse, Ambio, 2000).

---

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg litt VNV for Hommersåk, inneklemt i kulturlandskapet/tettbebygginga, og består av ei nordvendt noko ravinert lisiide omkring ei sentral lita dalsenkning, ned mot eit gammalt småbruk. Berggrunn: øyegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013), men tjukke finkorna lausmassar dekkjer mest heile lia. Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Området har rik edelløvskog. Dei bratte hellingane opp i lia har eikdominert skog med eit oversikt av grov, gammal eik (små eik ikkje sett) og eit variert busksjikt av mykje hassel samt litt ask, svartor etc. Marksjiktet er urterikt. Vegetasjonstypen her er fuktig storbregne-, høgstade- og lågurtmark. På felt, vassmetta jord på slakare felt lenger ned, og dels ned i dalsøkket, er det velutvikla, rik, blaut kildelauvskog med mest ask og svartor. Området har tidlegare sikkert vore beiteskog, der opphört bruk har ført til at skogen no har utvikla naturskogspreng med god sjiktning og stor spreiling på trealder og -dimensjonar. Av eik dominerer halvgrove tre rundt 30-40 cm diameter, men det er også mange grove, gamle tre 50-70 cm diameter og med grove greiner og mindre hule/daude parti. Også av ask og svartor er det ganske grove tre. Det er noko daud ved av fleire treslag, men førebels i ganske små mengder.

Artsmangfold: Karplantefloraen er relativt rik (men noko dårleg dokumentert som følgje av seinhøst-inventering). I kildeskogen finst m.a. slakkstarr, skogkarse, skogsnelle, mjødurt, enghumleblom, kratthumleblom, sumphaukeskjegg, brunrot, vendelrot. Lavfloraen på trea er middels rik, med muslinglav (*Normandina pulchella*), kystorelav (*Hypotrichyna afrorevoluta*), *Pachyphiale carneola*, liten lindelav (*Parmelina pastillifera*), spreidd liten praktkrinslav (*Parmotrema chinense*), og vanleg rurlav (*Thelotrema lepadinum*). Av sopp er dei ganske vanlege orejkjuke (*Inonotus radiatus*) og lautvreblåkjuke (*Postia alni*) observert.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området har tidlegare vore beiteskog, men denne bruken er opphört for lenge sidan, og skogen har i dag naturskogspreng. Gammal steinrys kasta ned frå toppen. Gamle og nye gjører og noko pigtråd. Eit par høyballar kasta/falt ned frå toppen. Ei relativt ny hytte er bygd inn i dalsenkningen, med veggtilgang frå nord, dette har redusert arealet på lokaliteten ein del.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Området har rik, gammal edellauvskog med både grov eik og velutvikla ask-svartor-kildeskog (2011-raudlista naturtype i kategori VU), og eit interessant arts Mangfold, inkl. 3 raudlisteartar ihht. 2010-raudlista (2 VU, 1 NT). Slike miljø er sjeldsynt, og så godt utvikla kjelde-or-askeskog finst kanskje ikkje andre stader i kommunen. Lokaliteten vurderast som svært viktig (verdi A).

Skjøtsel og hensyn: Sjølv om området er gammal beiteskog, har utviklinga no gått så langt at det er betre å la området ha fri utvikling (ingen inngrep) for å optimalisere naturskogsutviklinga. Beitedyr vil og lett kunne gje store tråkkskadar på den blaute marka.

### 174, Li eikehage, Hagemark (Eikehage) - Verdi B.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 3.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg litt VNV for Hommersåk, inneklemt i kulturlandskapet/tettbebygginga, og består av ei nordaustvendt helling ovanfor gammalt småbruk og avgrensa av veg i overkant. Berggrunn: augegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013), men tjukke finkorna lausmassar dekkjer mest heile lia. Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Hellinga har slutta hagemarksskog av eik i god hevd (godt avbeita feltsjikt). Mange av trea er temmelig gamle og grove, vanlig diameter ligg på 50-60 cm, med dei største opp mot 80 cm.

Artsmangfold: På eiketrea er sett m.a. eikelav (*Flavoparmelia caperata*), *Pachyphiale carneola* og liten praktkrinslav (*Parmotrema chinense*). Det kan vere potensial for interessante beitemarksopp.

Bruk, tilstand og påvirkning: Hagemarksskogen utnyttjast til beite, og beitetrykket verkar passe.

Fremmede arter: Eit lite holt med norsk gran finst innafor området.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Fin eikehage med gamle tre og i god hevd, og med fleire interessante lavartar, inkl. 3 raudlisteartar ihht. 2010-raudlista (2 VU, 1 NT). Lokaliteten er vurdert som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Beite med neverande intensitet. Granrea bør fjernast.

### 175, Liaåna, Rik edellauvskog - Verdi C.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 3.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensing 2012 erstattar gammal naturtypelokalitet BN00008253 Li, innlagd i Naturbase i 2001 (kartlagt av Toralf Tysse, Ambio, 2000). Artsfunn på Artskart (2013) frå 2009.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg litt VNV for Hommersåk, og består av den markante nordvendte bekkedalen/småklofta til Liaåna, som ligg inneklemt mellom veg og bustadhus på vest- og nordsida, og kulturmark og småskog på austsida. Berggrunn: øyegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Bekkedalen har rik og frodig edellauvskog med tett undersjikt og variert treslagssammansetning, med mykje ask og hassel, og litt eik, osp, spisslønn, hegg, raudhyll. Skogen er dels middelaldrande til litt eldre med flere nokså grove ask, eik og hassel, andre parti er yngre skog. På austsida er det ung hasselskog.

Artsmangfold: Karplantefloraen er variert og relativt rik, med m.a. kratthumleblom, sløke, vivendel og vårkål, men sjeldsynt/spesielle arter er påvist. Av kryptogamar er det forutan den litt uvanlege vifteryngesopp (*Plicatura crispa*) på hassel heller ikkje påvist spesielle/sjeldsynt arter, og potensialet for slike er begrensa.

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Bruk, tilstand og påvirkning: Middelaldrande til litt eldre skog som ikkje er hogd i nyare tid, men mykje kantpåverknad særleg frå vegsida, m.a. med hageavfall.

Fremmede arter: Området er nokså hardt belasta av framande artar: ein del busker og småtre av spisslønn, noko parkslirekne, tidlegare registrert spansk kjørvel (dei to siste kategori SE på svartelista).

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Bekkedal med rik og frodig edellauvskog, men ikkje spesielt gammal skog og ikkje påvist spesielle/sjeldsynte/raudlista artar (forutan ask), og med ein del påverknad. Lokaliteten vurderast som lokalt viktig (verdi C).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane. Det bør ikkje kastes hageavfall og anna avfall i dalen. Framande arter bør fjernast.

---

### **176, Riska bekkedal, Rik edellauvskog (Lågurt-eikeskog) - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 3.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging. Artsfunn av fugl på Artskart (2013) frå nyare tid.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg litt VNV for Hommersåk, og består av bekkedalen mellom Riska gard i vest og veg forbi Eikenøtta naturbarnehage i aust, avgrensa av veg på austsida og åker på vestsida. Berggrunn: augegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: I dalen står rik og frodig edellauvskog av ulike utformingar på høgproduktiv mark. Langs bekken er det mykke svartor og ask, samt hassel, medan hellinga har mest eik og bøk. Mange av trea er grove (men truleg ikkje særskilt gamle), med bøk ofte opp i 60-70 cm diameter og eik 50-60 cm (den største eika ca 95 cm diameter). Det er også grov svartor. Det er ganske små mengder daud ved. Bekkeløpet er variert og svingete, med små stryk og stillare kulpar, men verkar noko forureina (markant lukt under inventeringa).

Artsmangfold: Karplantefloraen verkar relativt rik (men därleg dokumentert). Kryptogamfloraen er også truleg artsrik, men synest å vere fattig på spesielle/sjeldsynte artar. Einaste interessante art som er påvist, er Pachyphiale carneola på hassel. Fuglefaunaen verkar ganske rik ifølgje Artskart (2013), m.a. med dvergspett.

Bruk, tilstand og påvirkning: Sjølv skogen er ikkje påverka i nyare tid, men det går ein turveg gjennom skogen, og det er mykje ferdsel på denne. Naturbarnehagen brukar området mykje, noko det ber litt preg av, med m.a. ein liten leirplass. Det er også ein vasskum dekt med kumlokk i området (usikker funksjon).

Fremmede arter: Mykje bøk – men trea er grove og har no positiv funksjon isolert sett.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Bekkedal med rik og frodig edellauvskog i velavgrensa låglandsbekkedal, grove eik og bøk, og fint bekdedrag, men arts Mangfaldet av spesielle/sjeldsynte/raudlista artar verkar særskilt rikt (hittil påvist 1 raudlisteart ihht. 2010-raudlista (VU)), og området er ganske mykke påverka av ferdsel. Lokaliteten er vurdert som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) av skogen vil vere optimalt for å bevare naturverdiane. Ferdsel er vurdert som noko negativt, men ikkje i stor grad.

---

### **177, Stemmen A, Gammel fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 3.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Hommersåk, rett aust for "sentrumsdammen" Stemmen, og er ein liten slak vestvendt helling avgrensa av turveg i nedkant og kulturlandskap på toppen bak, og bustader i nord og sør. Berggrunn: augegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Hellinga har steinete eikeskog med innslag av hassel, og sparsamt ask, mispel. Vegetasjonstypen er svak til halvrik lågurtskog. Nokre parti er litt rikare, og her veks meir hassel. Skogen er nokså gammal, med eiketre på 40-60 cm diameter (dei største opp i 70 cm), og det finst også sparsamt daud ved av eik. Det er gamle steingjerder.

Artsmangfold: Inventeringa foregikk i kveldslys, og arts Mangfaldet er därleg dokumentert. Liten praktkrinslav (Parmotrema chinense) veks på fleire tre. I dei rikaste parti er det potensial for interessante jordbuande sopp tilknytta eik og hassel.

Bruk, tilstand og påvirkning: Sjølv skogen er lite påverka i nyare tid, men det er mykje ferdsel i nærområde og dels inn mot skogen. Truleg har den fine skogen vore ein del større før turvegen blei anlagt. Skogen har før i tida sikkert vore beita.

Fremmede arter: Ubestemt mispel-art.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Liten, men ganske godt utvikla, nokså gammal og dels litt rik edellauvskog med grov eik og hassel, og med potensial for fleire sjeldsynte/raudlista artar (hittil berre ein slik påvist; i kategori VU). Lokaliteten er vurdert som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) av skogen vil vere optimalt for å bevare naturverdiane. Ferdsel er vurdert som noko negativt, men ikkje i stor grad.

---

### **178, Lauvåsvågen, Poller - Verdi C.**

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 3.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar gammal naturtypelokalitet BN00008300 Lauvåsvågen, innlagd i Naturbase i 2001 (kartlagt av Toralf Tysse, Ambio, 2000).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg litt N for Hommersåk, NV for Lauvås, og består av den smale pollen til Lauvåsvågen som stikk inn i landet mot sør aust frå Uskasundet. Lokaliteten er avgrensa mot skog på austsida og mot veg og bryggeanlegg kloss inntil på vestsida. Berggrunn: øyegneis, granitt, foliert granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lauvåsvågen dannar ein smal poll, med grunn og smal munning ut mot sjøen, og med bekkeutløp og ferskvasstilsig inst i bukta. Bekken er noko steinsett/kanalisert. På austsida reiser berglendt terrenget seg nokså bratt opp og her er det litt djupt, medan det i sørrenden og litt bortover langs deler av vest- og sørvestsida og i munningen er langgrunn med sand- og mudderbunn. Her er strandsump med sivbelter med takrør og mykje havsivaks og saltsiv.

Artsmangfold: Lite undersøkt, og bør undersøkast nærmere. Havsivaks og takrør dominerer sivbeltene, med saltsiv og noko fjøresaulauk i tillegg. Truleg er området ein del nyttat av sjø- og vannfugl, kanskje særleg vinterstid (jf. fleire observasjoner av m.a. knoppsvane, kvinand, siland, ærfugl, vinterleie på Artskart (2013)).

Bruk, tilstand og påvirkning: Området er ganske sterkt påvirka av tekniske inngrep. Langs vestsida går veg, som dels er steinsett heilt ned til vatnet. I munningen på vestsida er det bryggjer og båtplassar, og munningen er markant smalare som følgje av dette. Truleg har det vore vesentlig utbygging/inngrep her sidan år 2000 (å døme etter beskrivinga i fakta-ark-rapporten for tidlegare naturtypar). Ei lita kraftlinje kryssar over.

Fremmede arter: Ingen påvist.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Slike avsnøra poller er sjeldsynte i distriktet. Lauvåsvågen er såpass sterkt påvirka av nyare inngrep at lokaliteten, og er nokså dårleg utvikla som naturtype poll, at området no vurderast som berre lokalt viktig (verdi C). Området bør undersøkast nærmere.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane. Det er viktig at ytterligare inngrep ikkje gjerast, og helst bør ein forsøke å redusere noko av dei inngrepa som er gjort (veg, bryggjer).

### **179, Stoklongstjørna N, Gammel fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi C.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 4.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging. Overlappar delvis gammal naturtypelokalitet BN00008299 Storaberget (rikmyr) innlagd i Naturbase i 2001 (som ikkje skal slettast) (kartlagt av Botanisk Forening avd. Rogaland 10.10.2000). Artsfunn på Artskart (2013) frå 2003 og 2006.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for Lutsivatnet, i sørssida av Storaberget, og består av brattskråninga ved foten av fjellet rett opp for Rv13, avgrensa i overkant av nakne bergsiva og glissen bjørkeskog. Berggrunn: austre del granitt og granodioritt (stadvis svakt foliert), vestre del diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lia er dekt av fattig til intermediær lauvskog. Mykje er steinete, meir eller mindre fattig eik-bjørkeskog, men på litt slakare terrenget med betre jordsmønster er det noko rikare (men ikkje rik) blandingsskog med eik, bjørk, litt hassel, sparsamt selje, rogn og alm. Ein del av ein er typisk i busksjiktet, dels som åpne, steinete einerkjerr. Skogen er i hovudsak middelaldrande til halvgammal, med tre av moderat alder og dimensjonar, utan biologisk gamle tre og med lite daud ved. Både eik og bjørk finst opp til 40-50 cm diameter. Inne i sprekkedalen i aust er det eit smalt lite myrdrag, som ifølgje Naturbase (2013) er rikmyr.

Artsmangfold: Lokalklimaet er varmt og gunstig, som i utgangspunktet gir grunnlag for varmekjære artar, men fattig berggrunn begrensar dette. Karplantefloraen har ein del typiske artar for svak til intermediær lågurt-lauvskog, m.a. fagerperikum. I åpne parti er det bjørnebærkraft. Epifytfloraen verkar fattig, med orelav (*Hypotrachyna revoluta*) og muslinglav (*Normandina pulchella*) som førebels einaste påviste av ein viss interesse. På rikmyra er det registrert rikmyrsflora med m.a. brunskjene, engstarr, loppestarr, svarttopp, også dvergmispel nemnast (truleg i bergvegg) (Naturbase 2013). Omkring myra er også påvist hinnebregne, og kalkhakemose (*Campylophyllum calcareum*) (ifølgje Artskart 2013 einaste funn på Vestlandet).

Bruk, tilstand og påvirkning: Middelaldrande til eldre skog som ikkje er hogd i nyare tid.

Fremmede arter: Kjempespringfrø er ifølgje Artskart (2013) funnen vest i området så langt tilbake som 1986.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Sørvendt, varmekjær lauvskog, men skogen er ikkje særskilt rik, ikkje særskilt gammal, og lokalklimaet verkar å vere for tørt for råmekrevjande kryptogamar. Lokaliteten er vurdert difor som berre lokalt viktig (verdi C).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane.

### **180, Måkatjørna S, Rikmyr (Åpen intermediær og rikmyr i lavlandet) - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 4.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar gammal naturtypelokalitet BN00008249 Måkatjørn S, innlagd i Naturbase i 2001 (kartlagt av Toralf Tysse og Gunnleiv Osaland, Ambio, 2000).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg inne på heia sør aust for Hommersåk, innafor Storauglend, og består av ei lita myr omgitt av yngre furuskog. Berggrunn: granitt og granodioritt (stadvis svakt foliert) (NGU 2013), men tydelegvis er her sigevatn frå smale årar av rikare berg. Bioklima-region: sørboreal – sterkt oseanisk (SB-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det meste av myra er fattig og intermediær fastmattemyr med mykje rome og blåtopp, i sør med ein liten gjengroingsputt omgitt av løsbunnsmyr, torvmosematter og mykje stjernestarr, flaskestarr og andre starr. I nordvestkanten av myra kjem det fram rikt sigevatn, og her er det fastmatte-rikmyr, dels også rik kjeldemyr. Det har vore noko gjengroing frå skogen ned på

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

myra, med einer og småfur. Sidan myra er lita, og rikmyrspartiet er avhengig av hydrologien på resten av myra, er heile myra tatt med innafor lokaliteten sjølv om rikmyr dekkjer berre ca 1/3 av heile myra.

Artsmangfold: Karplantefloraen på rikmyrsfeltet er rik, med mange typiske rikmyrsartar, m.a. gulsildre, jáblom, småengkall, vill-lin, myrsauløk, dvergjamne, bjørnbrodd, gulstarr, loppestarr, blåstarr, engstarr, tvebustarr, geitsvingel, smásivaks, breimyrull og brunskjene. Mosefloraen er truleg også rik (ikkje undersøkt, men påvist m.a. myrstjernemose).

Bruk, tilstand og påvirkning: Myra er upåvirka av inngrep.

Fremmede arter: Ingen påvist.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Sjølv om rikmyrsfeltet er lite, er dette godt utvikla og med rik flora (inkludert ein NT-art ihht. 2010-raudlista), låglandsrikmyr er 2011-raudlista naturtype (EN), og kombinert med at rikmyr er sjeldan i distriktet, vurderast lokalitetten som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Det må ikkje gjerast inngrep direkte på myra eller i terrenget omkring som endrar hydrologien. Einer og småfur i kanten og eit stykke innover i skogen frå rikmyrsfeltet bør ryddast åpent.

---

### **181, Måkatjørna SV, Rikmyr (Åpen intermediær og rikmyr i lavlandet) - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 4.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar gammal naturtypelokalitet BN00008250 Måkatjørn S, innlagd i Naturbase i 2001 (kartlagt av Toralf Tysse og Gunnleiv Osaland, Ambio, 2000).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg inne på heia søraust for Hommersåk, innafor Storauglend, og består av den nordlege delen av ei lita, langstrakt bakkemyr som hellar mot nord og drenerer vidare nordaustover mot Måkatjørna. Lokaliteten er omgitt av middelaldrande furu- og bjørkeskog. Berggrunn: granitt og granodioritt (stadvis svakt foliert) (NGU 2013), men tydelegvis er her sigevatn frå smale årar av rikare berg. Bioklima-region: sørboreal – sterkt oseansk (SB-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Storparten av myra er tuvete minerotrof fattigmyr vekslande mellom flaskestarr-torvmoseparti og rome-fastmattemyr. I underkant av ei bratt austvendt helling i nord kjem det ut rikt sigevatn, og her er utvikla eit ca 25x10 meter stort rikmyrsfelt i form av fastmattemyr og noko kjeldemyr og sigevassmyr. Einskilde småfur og småbjørk veks på myra.

Artsmangfold: Karplantefloraen på rikmyrsfeltet er rik, med mange typiske rikmyrsartar, m.a. gulsildre, jáblom, svartopp, vill-lin, dvergjamne, gulstarr, kornstarr, loppestarr, engstarr, blåstarr, breimyrull, myrsauløk, smásivaks, geitsvingel og brunskjene. Av mosar er mykje mørke Scopidium spp., samt myrstjernemose (Campylium stellatum).

Bruk, tilstand og påvirkning: Myra er upåvirka av inngrep.

Fremmede arter: Ingen påvist.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Sjølv om rikmyrsfeltet er lite, er dette godt utvikla og med rik flora (inkludert ein NT-art ihht. 2010-raudlista), låglandsrikmyr er 2011-raudlista naturtype (EN), og kombinert med at rikmyr er sjeldan i distriktet, vurderast lokalitetten som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Det må ikkje gjerast inngrep direkte på myra eller i terrenget omkring som endrar hydrologien. Smáfuru og småbjørk på rikmyrsfeltet kan med fordel fjernast.

---

### **182, Måkatjørna, Kystmyr - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 4.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg inne på heia søraust for Hommersåk, innafor Storauglend, og består av myrkomplekset sør for Måkatjørna, avgrensa mot vatnet i nord og furudominert skog ellers. Berggrunn: granitt og granodioritt (stadvis svakt foliert) (NGU 2013), men på vestsida kommer sigevatn frå smale årar av rikare berggrunn ut. Bioklima-region: sørboreal – sterkt oseansk (SB-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten består av eit myrkompleks med små tjørnputtar omgitt av fukthei og låge berglendte ryggar med særslig glissen ung furuskog på rome-hei. Myrområda er mykje blautbotn-torvmose-grasmyr med mykje rome, blåttopp og flaskestarr, men det er også noko fastmattemyr. I myrkanten i vest kjem det fram rikt sigevatn, og her er eit lite rikmyrsfelt, dels som kjeldemyr. I lokaliteten er også inkludert eit lite tuvete, grasrikt sigevassmyrfelt oppunder ein austvendt helling i sørvest, og sigevashellingar med ungt, tett furu-einerkjerr, småbjørk og einskilde større furu, ned til stormyra. På den vesle tuvemyra i sørvest er det nyleg hogd ned småfur, som ligg att på myra.

Artsmangfold: Karplantefloraen på rikmyrspartia er ganske rik, med typiske rikmyrsartar som jáblom, blåknapp, kornstarr, geitsvingel, dvergjamne, breimyrull, samt mindre krevjande artar som myrtistel. Skavgras står både i myrkanten og oppover i sigevashellinga sørvestover. Ellers på myra er det fattigare, med rome, blåttopp, flaskestarr, trådstarr, etc.

Bruk, tilstand og påvirkning: Gamle steinmurar/demningar går på tvers sør for "Vesle Måkatjørna". På flybilde ses og ein gammal kanal/grøft nordfrå Måkatjørna til "Vesle Måkatjørna". Myrområda verkar tross desse å ha intakt hydrologi, og det blei ikkje sett grøfter.

Fremmede arter: Ingen påvist.

Del av helhetlig landskap:

---

## -Naturtypar i Sandnes kommune 2012 -

Verdivurdering: Dette er eit litt større, hovudsakeleg intakt (tross gamle inngrep) kystmyrområde med varierte myrkvalitetar (inkludert små felt rikmyr med tilhøyrande rikmyrsflora), "kystnedbørsmyr" (2011-raudlista naturtype i kategori VU), og lokaliteten er vurdert som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Det må ikkje gjerast inngrep direkte på myra eller i terrenget omkring som endrar hydrologien. I vest (opp til og på den vesle rikmyra i sørvest) bør ungfur, einerkjerr og småbjørk fjernast i stor grad (einskilde større furu bør stå). Hogde tre bør så fjernast.

### **183, Storauglend S, Rik edellauvskog - Verdi B.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 4.10.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved kulturlandskapet i Horve-Storauglend, og består mest av ei austvendt skråning på nedsida av bygdevegen til Vårl, samt ei mindre sør austvendt helling på nedsida av vegen til Bratteland. Området er avgrensa mot kulturlandskap, yngre skog og felt med planta gran, i aust grensar det mot anna naturtypelokalitet. Berggrunn: Diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU 2013), men finkorna lausmassar dekkjer storparten av lia. Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Mykje av området har gammal hagemarksskog som no har vore så lenge utan beite og annan kulturmålvirkning at det har fått mest preg av skog. Det er blandings-edellauvskog, med eik og ask, samt sparsamt bjørk og hassel, på frisk til fuktig, intermediær til svakt rik mark. I sør er det små gjengroande englappar inneklemt i skogen. Skogen er nokså gammal, med grov eik og ask (eik opptil 80 cm diameter), og sparsamt daud ved. Nedover i hellinga aukar vassmetninga i jorda, og det er overgang til kilde-svartorskog, som nede i den flate botnen og langs lite bekkedrag går over til større parti intermediær til halvrik svartorssumpskog. Også svartorskogen er jamnt over nokså gammal, men også med mindre parti yngre svartor-bjørke-sumpskog.

Artsmangfold: Karplantefloraen verkar relativt rik (men dårleg dokumentert som følge av seinhøst-inventering) – skogkarse, skogsnelle, enhumleblom, grøftesoleie, etc. På trea veks ein del liten praktkrinslav (Parmotrema chinense), ellers er det ikkje påvist spesielle artar (men det er klart potensial særleg av skorpelav). I kjelde- og sumpskogen er det nok også potensial for ein interessant moseflora.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området har tidlegare vore beiteskog, men beitetrykket har vore lågt/manglande i lang tid. Ein gammal kjerreveg går på skrå ned i lia. Bygdevegen kryssar gjennom øverst opp i lia. Restar av gamle gjerder finst.

Fremmede arter: Det står svære tuja-tre mot eplehage i nord, og småplanter av tuja er spontanetablert litt inn i skogen.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Området nokså gammal, relativt rik edellauvskog med grov eik, grov ask og også velutvikla svartor-sumpskog og dels også svartor-kjeldeskog (2011-raudlista naturtype i kategori VU). Av artar er førebels ikkje påvist meir enn ein raudlisteart ihht. 2010-raudlista (VU), men det er potensial for fleire. Lokaliteten er vurdert som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Sjølv om området er gammal beiteskog, har utviklinga no gått så langt at lite av slik karakter er bevart, og området manglar kvaliteter knytt til slik bruk og har derimot utvikla kvaliteter knytt til slutta/gammal skog. Det vil derfor no vere betre frå eit biomangfald-perspektiv å forvalta området som skog under fri utvikling (ingen inngrep). Beitedyr vil og kunne gje store tråkkskader på blaut mark. Tuja (særleg småplanter/spreiing) bør fjernast.

### **184, Horve N, Hagemark (Eikehage) - Verdi A.**

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 4.10.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Ny beskriving og avgrensning 2012 erstattar gammal naturtypelokalitet BN00008289 Mulafjellet, innlagd i Naturbase i 2001 (kartlagt av Toralf Tysse og Gunnleiv Osaland, Ambio, 2000). Naturtypelokalitet BN00008297 Horve er ein liten dam, denne opprettholdast som eigen lokalitet.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i kulturlandskapet nord for Horve og opp mot Storauglend-Dalen, og består av litt småkupert, sørvendt terrenget med ein sentral bekkedal, dekt av ein mosaikk av edellauvskog og hagemarksskog. Lokaliteten er avgrensa mot open beitemark, på austsida av bratt terrenget på Mulafjellet, i vest mot annan naturtypelokalitet. Berggrunn: Diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – sterkt oseanisk (BN-O3).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Området har mosaikk mellom slutta eikeskog og eike-hagemarksskog (desse to er vanlegast), eik-bjørk blandingskog og frodigare ask-svartor-skog langs bekkedraget. Vegetasjonstypene veksler frå litt steinete (dels grovsteinete), fattig blåbærskog til svak lágurtskog, langs bekkene periodevis overflomma, fuktigare mark. Også nedanfor riksvegen er det fin eikeskog med grove tre, og svartor-hassel-askeskog langs bekkene. Flere delar av området, m.a. eikefeltet inn mot sør-sørvestsida av Mulafjellet, har meir preg av eikeskog enn eike-hagemark. Det er også nokre små opne beitefelt som inngår som følge av arrondering. Eiketrea er i hovudsak av midlare alder og dimensjonar, men det er også ein del nokså grove eiketre (men verkeleg gamle og grove manglar). Ask-svartorskogen langs bekkene er bestokka av mest middelaldrande tre. Partivis er det og yngre skog av eik og bjørk (suksesjonsskog kommen opp på tidlegare open beitemark).

Artsmangfold: Her er påvist (og er potensial for fleire) interessante artar knytt særleg til eldre og grove eiketre. På stammane veks m.a. eikelav (*Flavoparmelia caperata*), *Pachyphiale carneola*, liten praktkrinslav (*Parmotrema chinense*), liten lindelav (*Parmelia pastillifera*). På berg inn mot Mulafjellet finst ringstry (*Usnea flammula*). Ved riksvegen finst den sjeldsynte korallkjuket (*Grifola frondosa*) ved basis av eik (Artkart 2013, funnen 2009). Stabbesteinmose (*Ptychomitrium polyphyllum*) er funnen i 2011 (Artkart 2013). I dammen i vest er funnen småsalamander, sist i 2010 (Artkart 2013). I nyare tid er det også samle nokre insekter og edderkoppyr her, m.a. den sjeldsynte kloververpsebie (*Nomada striata*) (men opplysinga synest ikkje å vera verifisert, og arten er knytt til open mark og ikke skog).

Bruk, tilstand og påvirkning: Området utnyttjast til beite. Det meste av området er godt beita, men det er også parti som er i svak gjengroing med m.a. mykje einstape i små åpningar og kantar, og samla sett har nok området litt for lågt beitetrykk.

Fremmede arter: Nokre få småplanter av spontanetablert sitkagran finst.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Mosaikkområdet nord for Horve er verdifullt, særleg som følgje av eikehagemarkskogen med nokså gamle og grove tre på eit ganske stort areal, og med eit interessant arts mangfald (inkl. 7 raudlisteartar ihht. 2010-raudlista: 3 VU, 4 NT), men her er også kvalitetar knytt til fuktig ask-svartor-skog. Lokaliteten vurderast som svært viktig (verdi A).

Skjøtsel og hensyn: Området bør beitast. Delar av området har godt beitetrykk, medan andre parti har noko for lågt beitetrykk. Dei store trea må ikkje hogast, men det kan med fordel tynnast noko i form av hogst av yngre tre, for å framelska grove dimensjonar. Terrenginngrep som graving, gjødsling etc. må ikkje gjerast.

---

### 3.3 Registreringsstatus

I følgje naturtypehandboka (Direktoratet for Naturforvaltning 2007) kap. 7.7 er det ei målsetting at kommunen skal ha oversikt over kva areal som er godt kartlagt og kva som ikkje er godt kartlagt. I eit prosjekt med avgrensa middel vil ein ikkje kunne kartlegge alt areal innan ein kommune. Formålet med kartlegginga i Sandnes i 2012 var først og fremst å kvalitetssikre tidlegare kartlagde naturtypar, med særleg fokus på kulturlandskap og pressområde.

Kartlegginga har ikkje vore systematisk, korkje geografisk eller med omsyn til hovudnaturtypar. Det er derfor heller ikkje funne hensiktsmessig å presentere dekningskart for kommunen. Likevel kan ein rekle nokre område som ganske godt kartlagt etter 2012-sesongen (kulturlandskapet vest for sentrum/E39, eit større område mellom Sviland og Seldal og eit område omkring Stronda/Dale).

Om ein skal peke på eit vidare behov for kartlegging, finst det truleg fleire lokalitetar i kulturlandskapet nord i kommunen. Sidan det ikkje er gjort ei systematisk kartlegging i kommunen, vil det også vere fleire lokalitetar å finne i resten av kommunen.



Lokalitet 113, Jutland. Baserik naturbeitemark ved Jutland. Foto: Torbjørn Høitomt (BioFokus)

### 3.3.1 Status for dei ulike hovudnaturtypane

Vurderingane under gjeld for kommunen som heilskap.

*Myr og kjelde:* Det er registrert ganske mange myrlokalitetar i Sandnes, og både kystmyr, rikmyr og slåtte- og beitemyr inngår i datasettet. Det er litt usikkert i kor stor grad myrlokalitetar tidlegare har vorte fanga opp, men truleg finst det ganske mange lokalitetar med kystmyr som ikkje er registrert. → Kartleggingsstatus: Dårleg - middels godt kartlagt.

*Rasmark, berg og kantkratt:* Det er berre registrert nokre få lokalitetar innanfor denne hovudtypa i kommunen, og dei fleste av desse er nord vendte kystberg og blokkmark. Mindre areal med denne typen inngår òg i fleire lokalitetar med til dømes gammal lauvskog. I samband med fleire rundar meg kartlegging av til dømes skog og bekkeklofter, er nok dei mest verdifulle lokalitetane innanfor denne hovudtypa fanga opp. → Kartleggingsstatus: Middels godt kartlagt.

*Kulturlandskap:* Ved kartlegginga i 2012 blei det sett fokus på kulturlandskap og dei naturtypane som høyrer til her. Det blei funne fleire viktige og særskilt viktige lokalitetar med førekommst av sjeldsynte artar. Det gjeld stort sett parklandskap, hagemarkar og gamle tre med ein artsrik kryptogamflora, samt nokre ugjødsela naturbeitemarker. Det finst framleis fleire lokalitetar innan denne hovudtypa som ikkje er fanga opp, særleg nord i kommunen. → Kartleggingsstatus: Middels godt kartlagt.

*Ferskvann/våtmark:* Nokre lokalitetar vart kartlagd i 2012, både rik kulturlandskapssjø, viktige bekdedrag og bukter/viker. Det blei ikkje fokusert særskilt på denne hovudnaturtypen, så det står nok att ein del viktige lokalitetar som ikkje er fanga opp. På den annen side vart fleire av stadene med størst potensial for hovudnaturtypen i kommunen vitja og relativt godt kartlagt i 2012. → Kartleggingsstatus: Middels godt kartlagt

*Skog:* Mange viktige skogområde er fanga opp i denne og føregåande kartleggingar etter 2005. Det er særleg naturtypane rik edellauvskog, gammal lauvskog og gammal fattig lauvskog som dominerer statistikken, og mange av lokalitetane er vurdert til høgste naturtypeverdi. Sjølv om det utvilsamt framleis står att noko areal med godt potensial for typen vurderast kommunen som nokså godt kartlagt med omsyn til skog. → Kartleggingsstatus: Middels godt/godt kartlagt.

*Kyst og havstrand:* Det er ikkje registrert nokon lokalitetar i denne hovudtypen, og potensi- alet er lågt. → Kartleggingsstatus: Middels/godt kartlagt.

## 4 Diskusjon

### 4.1 Ansvarsnaturtypar og -artar i kommunen

Kapittelet er ment å fokusere på heilt særeigne naturkvalitetar som kommunen har eit særskild ansvar for i eit regionalt til nasjonalt perspektiv.

Sandens, og da særleg nordre og austre delar ligg i kjerneregionen for ei lang rekke sjeldsynte og trua råmekjenvande kryptogamar med sørvestleg utbreiing i Noreg. Desse artane er knytt til fleire ulike naturtypar, men gammal lauvskog, rik edellauvskog, bekkekloft og bergvegg, parklandskap, hagemark og store gamle tre er truleg dei viktigaste.

Det er funne ei lang rekke raudlista artar i kommunen, men det er særleg gruppene lav og mosar som peiker seg ut. Når det gjeld lav er det registrert eit stort mangfald av luftråmekjenvande artar med grå buktkrinslav (*Hypotrichyna laevigata*) (EN), hårkrinslav (*Parmotrema crinitum*) (EN), kystskskoddslav (*Menegazzia subsimilis*) (EN), grå punktlav (*Punctelia subrudecta*) og randpunktlav (*Punctelia jeckeri*) som dei fem mest sjeldsynte. Moseflora-

en er og særeigen med fleire artar med ei sær avgrensa utbreiing på Sørvestlandet. Fem raudlista mosar vart påvist i dette prosjektet, og minst tre av desse er nye for kommunen.

Det er også verdt å nemne at Sandnes kommune og har fleire funn av svært sjeldne karplanter som mjukt havfruegras (EN), trollnype (EN) og fløyelsbjørnebær (VU).

Sjeldsynte sopp vart ikkje funne i løpet av kartlegginga i 2012, men både krevjande/sjeldsynte vedbuande sopp og beitemarkssopp er funne tidlegare i Sandnes (Artskart 2013).

## 5 Litteratur

Artskart 2013. Artsdatabanken & GBIF Noreg, internett. <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Trondheim.

Lindegard, A. og Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk raudliste for naturtypar 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Naturbase 2012. Direktoratet for Naturforvaltning.  
[http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/NB3\\_viewer.asp](http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/NB3_viewer.asp)



**BioFokus** er en ideell stiftelse som skal tilrettelegge informasjon om biologisk mangfold for beslutningstakere, samt formidle kunnskap innen fagfeltet bevaringsbiologi. BioFokus ønsker å bidra til en kunnskapsbasert forvaltning av norsk natur.

En kunnskapsbasert forvaltning forutsetter god dokumentasjon av de arealene som skal forvaltes. BioFokus legger derfor stor vekt på feltarbeid for å sikre oppdaterte og relevante data om botanikk, zoologi, økologi, samt avgrensning og verdisetting av områder.

Høy kompetanse er en forutsetning for å kunne registrere og presentere biologisk mangfold-data på en god måte. BioFokus sine medarbeidere er derfor godt skolert innenfor en rekke artsgrupper og har en bred økologisk forståelse for de ulike naturtypene som de arbeider med, det være seg skog, kulturlandskap eller ferskvann. Digitale verktøy som databaser, GIS og bilde-behandling er viktige redskaper i vårt arbeid for å anskueliggjøre naturverdier på en best mulig måte.

Stiftelsen utgir to digitale rapportserier som heter  
BioFokus-rapport og BioFokus notat,  
<http://www.biofokus.no/Publikasjoner/publikasjoner.htm>



Gaustadalléen 21  
0349 OSLO  
Org.nr: 982 132 924  
post@biofokus.no  
www.biofokus.no

ISSN 1504-6370  
ISBN 978-82-8209-269-2

**BioFokus-rapport 2013-11**